



MOTSEGNER OG MERKNADER- 2. HØYRING

KOMMUNEDLPLAN FOR TIDLEGARE VOLDA KOMMUNE

Dato: 13.04.2021



INNLEIING

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vart sendt ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn desember 2020. Kommunen har motteke 19 motsegn og 86 merknadspunkt i høyringsperioden. Dette dokumentet inneheld ei oversikt over innkomne motsegn og merknader, med kommunen sine vurderingar.

Motsegn

Kapittel A inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ynskjer å imøtekome eller delvis imøtekome.

Kapittel B inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ikkje ynskjer å imøtekome.

Merknader

Innkomne merknader er delt mellom merknader knytt til endra arealbruk som utløyser krav om ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing (KU), og andre merknader.

Merknader - utan krav om ROS/KU

Kapittel C inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ynskjer å imøtekome eller delvis imøtekome. Merknadene krev ikkje ROS-analyse eller KU, anten fordi ROS/KU er gjennomført tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Merknadene krev etter kommunen si vurdering heller ikkje ny høyring. Merknadene er sortert etter arealformål.

Kapittel D inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ikkje ynskjer å imøtekome. Merknadene krev ikkje ROS-analyse eller KU, anten fordi ROS/KU er gjennomført tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Enkelte merknader kan likevel krevje ny høyring. Merknadene er sortert etter arealformål.

Merknader - med krav om ROS/KU

Kapittel E inneheld ei oversikt over merknader knytt til endra arealbruk som krev ROS-analyse og/eller KU, og som kommunen ikkje ynskjer å imøtekome. Merknadene gjeld område som ikkje er vurdert i ROS/KU tidlegare i prosessen. Merknadene er sortert etter arealformål.

INNHALD

A Imøtekome/delvis imøtekome motsegn

s. 6

A 1	Møre og Romsdal fylkeskommune	Gravrøys ID 66551 - Birkevik
A 2	Møre og Romsdal fylkeskommune	Gravfelt ID 15923 - Birkevik
A 3	Møre og Romsdal fylkeskommune	Automatisk freda kulturminne - Skjervamarka
A 4	Møre og Romsdal fylkeskommune	Storerøysa ID 45597 - Austefjorden
A 5	Møre og Romsdal fylkeskommune	Steinalderlokalitet ID 14729 - Folkestad
A 6	Møre og Romsdal fylkeskommune	Gravrøys ID 66553 - Brautabugen

Delvis imøtekome
Imøtekome
Delvis imøtekome
Imøtekome
Delvis imøtekome
Imøtekome

B Ikkje imøtekomne motsegn

s. 9

B 1	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	B234 - Egset - (KU B57) - Bustadbebyggelse
B 2	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	B105 - Ytrestøyl - (KU LSB1 og KU LSB3) - Bustadbebyggelse
B 3	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	B242 - Lindevegen (KU B57) - Bustadbebyggelse
B 4	Møre og Romsdal fylkeskommune	B242 - Lindevegen (KU B57) - Bustadbebyggelse
B 5	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	BKB9 - Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) - Kombinert formål
B 6	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	BKB11 - Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) - Kombinert formål
B 7	Møre og Romsdal fylkeskommune	BKB11 - Furene (KU BF2) - Kombinert formål
B 8	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	BKB24 - Furene/Morkabygda (KU BOP1) - Kombinert formål
B 9	Møre og Romsdal fylkeskommune	BKB24 - Furene/Morkabygda (KU BOP1) - Kombinert formål
B 10	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Krav til nær- og kvartalsleikeplassar
B 11	Møre og Romsdal fylkeskommune	Automatisk freda kulturminne - Lid Kråkeneset
B 12	Møre og Romsdal fylkeskommune	Dyrkingsflate ID 177067 - Volda sentrum, Strand
B 13	Møre og Romsdal fylkeskommune	Steinalderlokalitet ID 147201 - Austefjorden

Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn
Motsegn

C Imøtekome/delvis imøtekome merknader

s. 18

Bustadbebyggelse (B)		
C 1	Møre og Romsdal fylkeskommune	Lid Berknes - B90 - (KU B2)
Sentrumsføremål (BS)		
C 2	Statens vegvesen	Volda sentrum - BS1 (KU BS1)
Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)		
C 3	Møre og Romsdal fylkeskommune	Egset, Morkabygda - BOP45 - (KU BOP4)
C 4	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda sentrum, Rotset - BOP6 - gbnr. 30/408 og 30/428
C 5	Torild og Roar Driveklepp	Bratteberg skule - Gbnr. 20/13 - BOP47 (KU BOP14)
Næringsbebyggelse (BN)		
C 6	Møre og Romsdal fylkeskommune	Gjersdalen, Austefjord - BN33 - (KU BN4)
Idrettsanlegg (BIA)		
C 7	Eli I. Ø. og Harald O. Vassbotn	Volda sentrum, golfbanen - BIA10 (KU BIA 6)
C 8	Per M. og Siw R. Vikene	Volda sentrum - (KU BIA9)
Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)		
C 9	Møre og Romsdal fylkeskommune	Egset, Morkabygda - BAB20 - (KU BAB14)
C 10	Lauvstad og Velsvik Grendalag	Ulvestad - BAB17 - (KU BAB10)
C 11	Volda kommune, vatn og avlaup	Klippa - BAB21
C 12	Volda kommune, vatn og avlaup	Juliaberget - BAB23
Kombinert bebyggelse og anlegg (BKB)		
C 13	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Volda sentrum - BKB26 (KU E10)
C 14	Statens vegvesen	Morkabygda - BKB2, BKB9, BKB11, BKB12
Grønstruktur		
C 15	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Volda sentrum - o_G12-o_G14 - Turdrag Rotevatnet
C 16	Per M. og Siw R. Vikene	Volda sentrum - o_G12-o_G14 - Turdrag Rotevatnet
Areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg (LSB, LSF eller LSN)		
C 17	NVE - Område med spreidd utbygging	LSF og LSN

Imøtekome

Imøtekome

Imøtekome
Imøtekome
Delvis imøtekome

Imøtekome

Delvis imøtekome
Imøtekome

Imøtekome
Imøtekome
Imøtekome
Imøtekome

Delvis imøtekome
Delvis imøtekome

Imøtekome
Delvis imøtekome

Imøtekome

C 18	Lauvstad og Velsvik grendalag	Lauvstad - Gbnr. 157/4 (ROS B44) - LSB	Delvis imøtekome
C 19	Lauvstad og Velsvik grendalag	Sætre - Spreidd utbygging - LSB87	Delvis imøtekome
Kombinererte formål i sjø og vassdrag			
C 20	Kjell Harald Klokk	Høydalsneset - VKA4	Imøtekome
C 21	Kjell Oddvar Høydalsvik	Høydalsneset - VKA4	Imøtekome
Omsynssoner			
C 22	Avinor	Ørsta-Volda lufthamn - Sikringszone H190	Imøtekome
C 23	Møre og Romsdal fylkeskommune	Støysoner - H210, H220	Delvis imøtekome
C 24	NVE	H310 Skredfare, H320 Flaumfare	Imøtekome
C 25	NVE	H310 Skredfare	Imøtekome
C 26	NVE	Omsynssone H310_UG - Faresone ustabil grunn	Imøtekome
C 27	NVE	H320 Flaumfare	Imøtekome
C 28	Møre og Romsdal fylkeskommune	H570 Bevaring kulturmiljø	Imøtekome
C 29	Møre og Romsdal fylkeskommune	Automatisk freda kulturminne - H570 Bevaring kulturmiljø	Delvis imøtekome
C 30	Møre og Romsdal fylkeskommune	H730 Bandlegging etter kulturminnelova	Imøtekome
C 31	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda mellomalderkyrkjestad - H730 Bandlegging etter kulturminnelova	Imøtekome
C 32	NVE	Område der reguleringsplan framleis skal gjelde	Delvis imøtekome
C 33	NVE	Verneplan for vassdrag - H740 Bandlegging etter anna lovverk	Imøtekome
C 34	NVE	Transformatorstasjonar - H740 Bandlegging etter anna lovverk	Imøtekome
Andre merknader			
C 35	Møre og Romsdal fylkeskommune	§ 2.3.14 - Hushaldnings- og næringsavfall	Imøtekome
C 36	Volda og Ørsta Reinhaldsverk	§ 2.3.14 - Hushaldnings- og næringsavfall, § 3.1.3 - Fritidsbusetnad	Delvis imøtekome
C 37	Møre og Romsdal fylkeskommune	§ 2.7.1 - Byggegrenser langs veg	Imøtekome
C 38	Møre og Romsdal fylkeskommune	§ 2.15.1 - Kulturminne	Imøtekome
C 39	Landbrukskontoret Ørsta Volda	§ 3.4.1 - LNF	Imøtekome
C 40	Direktoratet for mineralforvaltning	Generell merknad	Imøtekome
C 41	Kystverket	Generell merknad	Imøtekome

D Ikkje imøtekome/delvis imøtekome merknader

s. 34

Bustadbebyggelse (B)			
D 1	Møre og Romsdal fylkeskommune	Lid Berknes - B90 - (KU B2)	Ikkje imøtekome
D 2	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Egset - B234 - (KU B57)	Ikkje imøtekome
D 3	Jostein Egset	Egset - (KU B58, ROS E1)	Ikkje imøtekome
D 4	Per Arne Heltne	Volda sentrum - Gbnr. 20/4 - (KU B24)	Ikkje imøtekome
D 5	Herdis og Gregorius Rotevatn	Vikebygda - (KU B34) - Bustadbebyggelse	Ikkje imøtekome
D 6	Lauvstad og Velsvik grendalag	Lauvstad - (KU B43)	Ikkje imøtekome
Fritidsbebyggelse (BFR)			
D 7	Landbrukskontoret i Ørsta Volda	Aurstad - BFR57	Delvis imøtekome
Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)			
D 8	NVE	Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)	Ikkje imøtekome
Fritids- og turistformål (BFT)			
D 9	Landbrukskontoret i Ørsta Volda	Hamre - BFT2	Delvis imøtekome
Råstoffutvinning (BRU)			
D 10	R. Høydalsvik, H. Sundal, L. Aurstad	Skinnavika - BRU3	Ikkje imøtekome
Kombinert bebyggelse og anlegg (BKB)			
D 11	Din Bolig	Volda sentrum - BKB34 - (KU B22)	Delvis imøtekome
D 12	Statens vegvesen	Morkabygda - BKB11, BKB12	Ikkje imøtekome
D 13	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Morkabygda - BKB11	Ikkje imøtekome
D 14	Statens vegvesen	Morkabygda - BKB24	Ikkje imøtekome
D 15	Ola Veddeng	Morkabygda - ROS BKB9	Ikkje imøtekome
D 16	Coop Nordvest	Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9)	Ikkje imøtekome
D 17	Marianne og Odd Kåre Mork	Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9)	Ikkje imøtekome
D 18	Lauvstad og Velsvik Grendalag	Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9)	Ikkje imøtekome
Samferdsleanlegg			
D 19	Oppsitjarar langs Heltne- og Uravegen	Uravegen, samleveg med gang- og sykkelveg - (KU Veg2 og GV3)	Delvis imøtekome
D 20	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Uravegen, samleveg med gang- og sykkelveg - (KU Veg2 og GV3)	Delvis imøtekome
D 21	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Fjordkryssing	Ikkje imøtekome
D 22	Øvre Smalebakken Velforening	Trafikktrygging Raudemyrvegen - Solhøgda	Ikkje imøtekome

	Grønstruktur		
D 23	Tormod Utne	Volda sentrum - o_G13- o_G14 - Turdrag Rotevatnet	Ikkje imøtekome
D 24	Kirsti og Børild Skåra	Volda sentrum - o_G14 - Turdrag Rotevatnet	Ikkje imøtekome
D 25	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Volda sentrum - o_13–o_G14 - Turdrag Rotevatnet	Ikkje imøtekome
D 26	Jostein Egset	Nubben - o_GF5 - Friområde	Ikkje imøtekome
D 27	Opplysningsvesenets fond	Prestegarden Volda sentrum - Gbnr. 29/1 - GF18 (KU B16) - Grøntstruktur	Ikkje imøtekome
	LNF spreidd bustadbygg (LSB)		
D 28	Lauvstad og Velsvik grendalag	Lauvstad - KU LSB23 - Areal for spreidd bustadbygg (LSB)	Ikkje imøtekome
D 29	Lauvstad og Velsvik grendalag	Lauvstad - Gbnr. 161/3 - Areal for spreidd bustadbygg (LSB)	Ikkje imøtekome
D 30	Landbrukskontoret Ørsta Volda	LNF - Spreidd busetnad	Ikkje imøtekome
	Akvakultur (VA)		
D 31	Lauvstad og Velsvik grendalag	Sætre - VA1, VKA10 - Akvakultur	Ikkje imøtekome
	Andre merknader		
D 32	Einar Furnes	Dansen sæter	Ikkje imøtekome
D 33	Landbrukskontoret Ørsta Volda	§ 2.7.2 Byggegrenser	Ikkje imøtekome
D 34	Møre og Romsdal fylkeskommune	§§ 2.11 og 2.12 Parkering	Ikkje imøtekome
D 35	Landbrukskontoret Ørsta Volda	§ 3.4.1 LNF	Ikkje imøtekome
D 36	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Grunnlagsdokument	Delvis imøtekome
D 37	Jordvern Møre og Romsdal	Jordvern	Ikkje imøtekome


E Forslag til endra arealbruk som ikkje skal vurderast vidare i ROS og KU

s. 52

E 1	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Løvik - B102	Frå LNF til bustadbebyggelse	Ikkje imøtekome
E 2	Volda Venstre og Volda SV	B16 - "Støyperiet i Elvadalen"	Frå bustad til kombinert (BKB)	Ikkje imøtekome
E 3	Landbrukskontoret i Ørsta Volda	Nøre-Kalvatn - BFT4	Frå fritids- og turistformål til LNF	Delvis imøtekome
E 4	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Søre Bjørkedalen - BN2	Frå næringsbebyggelse til LNF	Ikkje imøtekome
E 5	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Søre Bjørkedalen - BN3	Frå næringsbebyggelse til LNF	Ikkje imøtekome
E 6	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Søre Bjørkedalen - BN10	Frå næringsbebyggelse til LNF	Ikkje imøtekome
E 7	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Høydal - BN12	Frå næringsbebyggelse til LNF	Ikkje imøtekome
E 8	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Høydal - BN43	Frå næringsbebyggelse til LNF	Ikkje imøtekome

A Imøtekome/delvis imøtekome motsegn

A 1 Møre og Romsdal fylkeskommune - Gravrøys ID 66551 - Birkevik - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering motsegn

På gbnr 6/4 og 7 Birkevik ligg det ei registrert gravrøys ID 66551. Denne er i konflikt med BFR73. Her må det leggjast inn ei omsynssone C (H570) rundt kulturminnet og merkast med grønt formål under. Slik området er i plankartet no, er det konflikt med kulturminnet. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området har nå fått omsynssone H570. Det er sett krav til at området rundt gravrøys i BFR73 skal settast av til grønstruktur. Type grøntformål må avklarast i reguleringsplan (føresegn § 3.1.3 Fritidsbustad (BFR)). Delvis imøtekome.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

A 2 Møre og Romsdal fylkeskommune - Gravfelt ID 15923 - Birkevik - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering motsegn

På gbnr 6/1 Birkevik er det registrert eit gravfelt ID 15923 Fetts fk. nr 1/1-2. Det er i regpl. for «Notaplassen» i Bjervika lagt inn ei omsynssone C (H570). Omsynssona må leggjast inn i plankartet med same utstrekning rundt gravfeltet, og grønt formål under. Slik området er i plankartet no, er det konflikt med kulturminnet. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området har nå fått omsynssone H570. Området ligg som LNF, og arealformålet er ikkje endra.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

A 3 Møre og Romsdal fylkeskommune - Automatisk freda kulturminne ID 271129 - Skjervamarka - Motsegn knytt til kulturminne Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering motsegn

Innanfor BS8 på Skjervamarka bnr 19/1 ligg det to automatisk freda kulturminne ID 271129, busetjings og aktivitetsområde. Her manglar både bandleggingszone (H730) og omsynssone C (H570). Det må også merkast med grønt formål under kulturminna. Slik området er i plankartet no, er det konflikt med kulturminna. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området har nå fått omsynssone H570. Det er sett krav til at området rundt automatisk freda kulturminne i BS8 skal settast av til grønstruktur. Type grøntformål må avklarast i reguleringsplan (føresegn § 3.1.5 Sentrumsformål (BS)).

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

A 4 Møre og Romsdal fylkeskommune - Storerøysa ID 45597 - Austefjorden - Motsegn knytt til kulturminne Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering motsegn

Storerøysa ID 45597 manglar omsynssone C og er i konflikt med BFR67. Må merkast med grønt formål. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området har nå fått omsynssone H570. Arealbruken er endra til LNF. Motsegn imøtekome.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

A 5 Møre og Romsdal fylkeskommune - Steinalderlokalitet ID 14729 - Folkestad - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering motsegn

Steinalderlokalitet ID 14729 på gbnr 107/3 er i konflikt med BFR25, denne må merkast med grønt formål og få ei omsynssone C H570, slik den ligg i plankartet no er et det konflikt med kulturminnet. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området har nå fått omsynssone H570. Det er sett krav til at området rundt kulturminne i BFR25 skal settast av til grønstruktur. Type grøntformål må avklarast i reguleringsplan (føresegn § 3.1.3 Fritidsbustad (BFR)).

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

A 6 Møre og Romsdal fylkeskommune - Gravrøys ID 66553 - Brautabugen - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering motsegn

Gravrøys ID 66553 som ligg på Brautabugen gbnr 89/27 og 68 manglar omsynssone C (H570) og må merkast med grønt formål under. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er regulert til grønt, og omsynssona ligg inne i reguleringsplanen som er gjeldande for store delar av området. Da deler av gravrøysa også ligg utanfor regulert område, er omsynssona også teke inn i kommunedelplanen. Imøtekome.


Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

B Ikkje imøtekomne motsegn

B 1 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - B234 - Egset - (KU B57) - Bustadbebyggelse
Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering motsegn

1. høyring: Ut frå omsynet til landbruk og støy, fremjer vi motsegn mot framlegget. Sjølv om arealet er omkransa av bustader og veger er det godt arrondert og lettdrive. 2. høyring: Vi kan ikkje sjå at det ligg føre forhold vi ikkje kjente til ved førre offentlege ettersyn som skulle tilsei at Statsforvaltaren kan trekke motsegnene til desse føreslegne utbyggingsområda.


Kommunen sin kommentar og konklusjon

B234 er eit inneklemt areal som ligg inntil opparbeida bustadfelt og eksisterande infrastruktur. Området ligg med gangavstand til skule, barnehage og daglegvare, og gangavstand til arbeidsplassar i Furene. Det er sykkelavstand til arbeidsplassar og tenester i Volda sentrum, Hovdebygda og Ørsta. Det er i tillegg gode kollektivtilbod. Ein har vurdert fleire alternative areal i området (KU B5, KU B53, KU B54, KU B58, KU E1). Det er vanskeleg å finne anna eigna bustadareal i Morkabygda utan omdisponering av dyrka jord. Viser til stort behov for bustad i området, og ynskje om utvikling. Sjølv om arealet er i kjerneområde landbruk er det tydeleg avgrensa og inneklemt av hovudvegar og bustadområde. Det vil vere krav om støyskjerming. Kommunen ynskjer ikkje å imøtekomme motsegn.

Motsegn imøtekomme

Delvis imøtekomme

Motsegn



Oppsummering motsegn

1. høyring: Utbygginga kan medføre barriereverknad for vandrande hjortevilt. (...) Er uroa for den samla belastninga (jf. naturmangfaldlova §10) som hjorteviltet blir utsett for med dette framlegget med tanke på å oppretthalde det økologiske funksjonsområdet (nml. §5)(...) Er også skeptiske til framlegget ut frå statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Med avstanden som er til funksjonar som skule, fritidsaktivitetar osb., er dette eit område som gjer ein meir avhengig av bruk av bil. Ut frå dette har vi motsegn til B105.
2. høyring: Vi kan ikkje sjå at det ligg føre forhold vi ikkje kjente til ved førre offentlege ettersyn som skulle tilsei at Statsforvaltaren kan trekke motsegnene til desse føreslegne utbyggingsområda.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området i dag: LNF, barskog med høg bonitet. 53,5 daa. Ligg i tilknytning til eksisterande område for spreidd bustad. Tiltaket vart fyrst vurdert som spreidd bustad, og er i samsvar med arealstrategi for spreidd busetnad. For å unngå enkeltbustader langs Ytrestøylvegen og for å sikre betre utnytting av arealet med vekt på eit godt nærmiljø vart arealet lagt ut til bustadareal med krav om reguleringsplan.

B105 ligg nær anna busetnad og er eit attraktivt bustadområde. Ligg i gangavstand frå skule. Gangavstand også til arbeidsplassar og kollektivknutepunkt i Furene. Det må settast rekkjefølgjekrav for opparbeiding av gang- og sykkelveg.

Ein har vurdert fleire alternative areal til bustad i Morkabygda (KU B5, KU B53, KU B54, KU B58, KU E1). Det er vanskeleg å finne anna egna bustadareal utan omdisponering av dyrka jord. Kommunen viser til stort behov for bustad i området, og ynskje om utvikling. B105 er eit av få alternativ, som ikkje ligg innanfor kjerneområde landbruk. Ønskjer å halde fast på arealbruken. Det er sett krav i føresegnene om at området må avgrensast nærare i reguleringsplanen, og at ein der må ta særskilte omsyn til naturverdiar, (ma. hjortetrekke).

Kommunen ynskjer ikkje å imøtekome motsegn.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn



Utsnitt 2. høyringsframlegg.

Oppsummering motsegn

I gjeldande reguleringsplan ligg området som friområde. Ifølgje KU er området eit ope, ubyggt areal innanfor bustadområdet, og er såleis eit viktig element i landskapet. Arealet inngår i overordna grønstruktur og har såleis stor verdi. Viser til Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, kap. 5 d; Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt. Uavhengig av om arealet er nytta til leik pr. i dag, er grønstruktur i eit tettbygd bustadområde svært viktig areal også som potensielt areal for leik og opphald for barn. Slikt areal er ikkje reserveareal for utbygging, og vi fremmer motsegn til framlegget. Dersom kommunen ønskjer å omdisponere dette arealet, krevst det at det setjast av areal til friområde i nærleiken som kan erstatte dette.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Tiltaket er i samsvar med arealstrategi for busetting i Volda sentrum, og det er behov for areal til bustadar i midtre sentrumssone. Arealet er sett av til friområde, men området er ikkje opparbeida, og det er ikkje registrert at området har verdi for barn og unge sin aktivitet i dag. Friområdet ligg i eit utbyggt bustadområde, og det er vanskeleg å finne eit fullverdig erstatningsareal. Kommunen viser til at det er fleire andre areal sett av til friområde i same område. Området ligg også i nær tilknytning til grøntdraget langs Håmyrelva, eit større grøntområde med stor verdi for barn og unge, nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Da det er vanskeleg å finne erstatningsareal, og da det er andre eksisterande areal med stor verdi for barn om unge i same område, meiner kommunen dette arealet har større verdi som bustadareal enn friområde. Kommunen ynskjer ikkje å imøtekome motsegn.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

(Sjå figur over.)

Oppsummering motsegn

Området er føreslått avsett til bustadføremaal. I gjeldande reguleringsplanen er dette friområde. I KU heiter det mellom anna at tiltaket vil vere klart i strid med arealstrategi om grønstruktur, friluftsliv og kultur. Nedbygging vil dessutan gje stor negativ konsekvens for kulturminne. Vi viser til Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging. Med bakgrunn i Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging fremmer vi motsegn til framlegget.


Kommunen sin kommentar og konklusjon

Da det er vanskeleg å finne erstatningsareal, og da det er andre eksisterande areal med stor verdi for barn om unge i same område, meiner kommunen dette arealet har større verdi som bustadareal enn friområde. Sjå også kommentar over (B3). Kommunen ynskjer ikkje å imøtekome motsegn.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering motsegn

1. høyring: Arealet er føreslått til næringsareal, kombinert føremål forretning/kontor/industri. Arealet utgjer om lag 50 dekar og utgjer skogsmark av svært høg bonitet og dyrka jord av stor verdi. Ut frå at tiltaket er klart i strid med både kommunen sin arealstrategi for landbruk, at det vil ha store negative konsekvensar for landbruk og er i sterk strid med nasjonal jordvernstrategi, har vi motsegn mot framlegget. At deler av området skal nyttast til riggområde i samband med tunnel Furene-Volda, kan ikkje forsvare ei slikt jordtap. Utbyggingsgrensa bør vere Ørstavegen.
2. høyring: Vi kan ikkje sjå at det ligg føre forhold vi ikkje kjente til ved førre offentlege ettersyn som skulle tilsei at Statsforvaltaren kan trekke motsegnene til desse føreslegne utbyggingsområda.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Stortingsmelding nr. 18 "Bærekraftige byar og sterke distrikt" framhevar kommunane som ein viktig pådrivar for lokal samfunnsutvikling og næringsutvikling. Tilgang på areal er døme på korleis kommunane påverkar vilkåra for næringslivet og gjer det attraktivt for næringslivet å lokalisere verksemdar i kommunen. Langsiktige og oppdaterte arealplanar er viktig for å tilrekkje seg ny verksemd. Stortingsmeldinga peikar på at avsetjinga av areal til næringsføremål bør reflektere dei langsiktige måla kommunen har for eiga utvikling. For næringslivet er det viktig at kommunane har oppdaterte arealplanar som sikrar tilgangen på areal til ulike næringsformål, og som gjev grunnlag for rask handsaming av byggesøknader og private reguleringsforslag. Kommunalt næringsutviklingsarbeid handlar om å leggje til rette for verksemdsetableringar og utvikling av eksisterande verksemdar med sikte på sysselsetjing og verdiskaping. Eit godt fungerande næringsliv er ein viktig føresetnad for velferd, levekår og livskvalitet i alle typar samfunn, både i byregionar og i spreiddbygde område. Både byar og distrikta treng eit aktivt og lønsamt næringsliv som innoverer og skaper arbeidsplassar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel har kommunen vedteke mål om at Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter og at ein skal styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels- kultur- og opplevingsdestinasjon. Vidare har ein i samfunnsdelen vedteke strategi om å vidareutvikle og styrke regionale funksjonar, styrke og utvikle bu- og arbeidsregionen, styrke næringslivet, og leggje til rette for næringsareal. I planprogrammet for kommunedelplanen er ein av arealstrategiane å "leggje til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasear for kollektivtransport". Areal til næringsutvikling er viktig for å nå målsettinga om å ta rolla som regionsenter, og skape vekst både lokalt og regionalt.

Furene er i dag eit viktig næringsområde for Volda. Saman med Hovdebygda (i Ørsta kommune) er Furene eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Furene næringsområde er snart utbygd. Det er framleis noko rom for nye etableringar og området er til dels lavt utnytta, men det er likevel lite tilgjengeleg areal igjen for plasskrevjande varer.

Handelsanalysen for Ørsta og Volda (AsplanViak, 2012) konkluderer med at det er marknadsgrunnlag for meir handel i både Ørsta og Volda kommunar. Plasskrevjande handel er bilbasert handel med et regionalt marknadsområde, og som vert anbefalt lokalisert til Furene-Hovdebygda. Konsentrasjon av handel gir størst attraktivitet, og større økonomiske ringverknadar. Ein bør difor satse på vidareutvikling av eksisterande og etablerte handels- og næringsområde, framfor nye lokasjonar. Handelsanalysen peikar også på at for på sikt å gjere det mogleg å redusere transportbehovet og forbetre kollektivtilbodet, er det viktig at handel og andre viktige funksjonar lokaliserast i tilknytning til kollektivknutepunkt og kollektivaksar.

LUK-rapporten "Ørsta og Volda kommunar - Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene-Hovdebygda" konkluderer med at det er rom for etablering av meir handel i Furene-Hovdebygda, i form av "plasskrevjande handel". Rapporten anbefalar å samle nye tiltak i så få landskapsrom som mogleg. Å drive utvikling i utvalte landskapsrom vil gje tettare struktur. Rapporten peikar på at vekst rundt Ørsta sentrum, Volda sentrum, Furene og Hovdebygda er fornuftig.

I eksisterande arealdel og kommunedelplanar er det lite tilgjengeleg areal til næringsformål, det meste av arealet avsett til ulike næringsformål er utbygd. For å nå målsettingar i samfunnsdelen og følgje opp arealstrategiane, er det viktig for Volda kommune



å sikre areal til ulike næringsformål. Framfor å ta i bruk nye landskapsrom og lokasjonar, ynskjer kommunen å styrke veksten i Volda sentrum og i Furene. I Volda sentrum handlar det i stor grad om fortetting, fornying og transformasjon. I Furene er det nødvendig å sette av meir areal til næringsutvikling. Dette er svært viktig for at området skal kunne vidareutviklast som eit regionalt viktig handelsområde i eit langsiktig perspektiv.

I planprosessen har ein vurdert fleire ulike areal i området Furene/Morkabygda. Det er vanskeleg å finne utvidingsareal utan å måtte omdisponere dyrka jord.

BKB9 er delvis inneklemt av utbygging og skog med liten verdi. Området er tidlegare regulert til bustadareal og er delvis nytta til næringsverksemd i dag. Det er ikkje ønskjeleg å vidareutvikle området med bustader. BKB11 er skogsmark med svært høg bonitet og dyrka jord. Ein stor del av arealet er sett av til riggområde i samband med tunnel Volda-Furene og vil ikkje kunne utnyttast til anna formål før vegprosjektet er gjennomført. Områda er likevel strategisk viktige for vidareutvikling av eit etablert og regionalt viktig handels- og næringsområde i Furene. BKB12 er ei smal stripe langs hovudvegen. For å kunne etablere avkøyrsløp og nytte arealet effektivt er det nødvendig å sette av eit større areal. Kommunen ynskjer ikkje å imøtekomme motsegn.

Motsegn imøtekome	Delvis imøtekome	Motsegn BKB9
Motsegn imøtekome	Delvis imøtekome	Motsegn BKB11

B 7 Møre og Romsdal fylkeskommune - BKB11 - Furene (KU BN2) - Kombinert formål
 Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering motsegn

1. høyring: Det er sett av eit 59 dekar stort areal for forretning, kontor og industri på Mork/Furene på austsida av E39 – rett på andre sida av vegen for industriområdet. Delar av området ligg innanfor kjerneområde landbruk og utbygging vil ha stor negativ konsekvens for landbruk og jordressursar. Med bakgrunn i landbruksmeldinga for Møre og Romsdal der målet er å avgrense nedbygging av dyrka jord til 200 dekar i 2021 reiser vi motsegn til BKB11.


2. høyring: Vi står fast ved at utbygging av dette området vil ha stor negativ konsekvens for landbruk og naturressursar og held fast ved motsegna.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Sjå kommentar til B5. Kommunen ynskjer ikkje å imøtekomme motsegn.

Motsegn imøtekome	Delvis imøtekome	Motsegn
-------------------	------------------	---------

B 8 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - BKB24 - Furene/Morkabygda (KU BOP1) - Kombinert formål
Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)



Oppsummering motsegn

1. høyring: Ut frå omsynet til friluftsliv, barn og unge og natur/miljøinteresser kan vi ikkje sjå at BKB24 kan akseptast. Vi fremmer difor motsegn mot framlegget. Vi vil også peike på at eksisterande næringsområde på Furene ikkje verkar å vere optimalt utnytta, og vi kan ikkje sjå at det ligg føre ei behovsvurdering e.l som skulle tilseie at utbygging av BKB24 skulle kunne forsvarast når det er så store verdiar i området.
2. høyring: Vi kan ikkje sjå at det ligg føre forhold vi ikkje kjente til ved førre offentlege ettersyn som skulle tilseie at Statsforvaltaren kan trekke motsegnene til desse føreslegne utbyggingsområda.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Furene er eit viktig næringsområde for Volda. Saman med Hovdebygda (i Ørsta kommune) er Furene eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Furene næringsområde er snart utbygd. Det er framleis noko rom for nye etableringar, og området er til dels lavt utnytta, men det er likevel lite tilgjengeleg areal igjen. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde i eit langsiktig perspektiv, er det behov for å sette av meir areal til utvikling i området. Arealet ligg langs hovudvegnettet, i tråd med arealstrategi. Det er lite alternative utvidingsareal utan å måtte omdisponere dyrka jord. Sjå også kommentar til B 5.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

B 9 Møre og Romsdal fylkeskommune - BKB24 - Furene/Morkabygda (KU BOP1) - Kombinert formål
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering motsegn

1. høyring: Vi reiser motsegn til forslaget BKB24 med bakgrunn i Regional delplan for attraktive byar og tettstader. Motsegna er også grunnigven i planfaglege argument fordi ramma i blandingsføremålet i BKB24 ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.
2. høyring: Med dette framlegget ønskjer kommunen å legge ut eit areal som er nesten like stort som det totale arealet på Furene i dag. Som vi har peika på tidlegare, er framlegget i strid med arealstrategiane og vil komme i konflikt med mellom anna landbruk, naturmangfald og friluftsliv. For det første inneber forslaget å spreie arealet BKB24 vidt utover, nært inntil idrettsanlegg, eksisterande og planlagte bustadområde. For det andre vil kommunen med å regulere til blandingsføremål ha svært lita styring på korleis utviklinga på Furene vil skje. I føresegnene, § 3.1.14 er det vist til at området kan nyttast både til industri, forretning og kontor i tillegg til massedeponi. Tala og bakgrunnsstoffet som dannar grunnlaget for rapportane er nærmare 10 år gamle og vår vurdering er at dei ikkje nødvendigvis kan brukast som tilstrekkeleg argumentasjon for å utvide handelsområdet på Furene. Vi kan ikkje sjå at ramma i blandingsføremålet er tilstrekkeleg utgreidd. Det er mange ulike interesser knytt til arealet og det kan i prinsippet byggast kva som helst innanfor eit stort areal utan at kommunen har tilstrekkeleg styring. Vi står fast på motsegna til BKB24 der vi med bakgrunn i Regional delplan for attraktive byar og tettstader og planfaglege argument oppretheld vi motsegna.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunen ynskjer å avsette arealet til blandingsføremål, da dette vert sett på som eit viktig og strategisk område for utvikling. Innspelet er ikkje basert på private initiativ til eit konkret næringsformål, men er foreslått av kommunen sjølv med bakgrunn i kommunen sine overordna mål og strategiar om å legge til rette for næringsutvikling, sysselsetjing og verdiskaping i kommunen.

Både handelsanalysen og LUK-rapporten er fleire år gamle, og noko av talmaterialet m.a. knytt til handel ville kan hende sett annleis ut i dag. Handelsnæringa er i utvikling heile tida, og det skal ikkje mange åra til før ein handelsanalyse er utdatert. Ein viktig konklusjon i begge desse rapportane er likevel at ein bør satse på vidareutvikling av eksisterande og etablerte handels- og næringsområde, framfor nye landskapsrom og lokasjonar. Furene næringsområde er i dag utbygd, og det er elles svært lite tilgjengeleg næringsareal i dagens planar. Volda kommune ynskjer å satse på handels- og næringsområde i tilknytning til eksisterande lokasjonar, i Volda sentrum og i Furene. I Volda sentrum handlar det i stor grad om fortetting, fornying og transformasjon. Det er ikkje sett av større næringsareal andre stader i kommunen, fordi kommunen ynskjer å satse på vidareutvikling av Furene som eit regionalt handels- og næringsområde. Uten å sette av meir areal vil det ikkje vere mogleg for kommunen å følge opp målsettingar i samfunnsdelen knytt til handels- og næringsutvikling. Moglegheit for vekst i næringslivet heng også tett i hop med befolkningsvekst, sysselsetting og anna samfunnsutvikling, (jf. ma. Meld. St. 18). Kommunen held fast på arealbruken. Sjå elles kommentar til område B 5.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

B 10 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

Dokument 19/10011-168. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)

Oppsummering motsegn

Kommunen legg opp til å akseptere større avstand til både nær- og kvartalsleikeplassar enn dei krava Statsforvaltaren har nedfelt i våre Råd om leikeplassar. Etter kommunen sine føresegner er kravet til maksimal avstand frå bustad til nærleikeplass 100 meter, men ved konsentrert småhusbusetnad i indre sentrumssone og blokkbusetnad 50 meter, og tilsvarende 300 meter til kvartalsleikeplass. Statsforvaltaren har tilsvarende maksimale avstandskrav 50 meter frå bustad når det gjeld nærleikeplassar og 150 meter til kvartalsleikeplassar.

Vi har inntrykk av at det er aksept i andre kommunar for hovudregelen. Dei minste barna held seg rett ved heimen, og nærleikeplassen er i stor grad retta mot denne gruppa. Det er difor viktig at det ikkje er for langt mellom bustad og leikeplass. Barn opp til 8 år oppheld seg hovudsakeleg inntil 200 meter frå heimen, og då vil ein kvartalsleikeplass innanfor denne sona vere lett å nå med sykkel eller til fots. Krav til leikeplassar skal medverke til eit godt oppvekstmiljø som gir barn trygge stader å leike i nærleiken av der dei bur. Kravet som blir sett i kommuneplanen set en standard for all ny regulering og bygging. 50 meter signaliserer ein nærleikeplass rett ved heimen, medan 100 meter signaliserer at det kan vere noko avstand, og at det er greitt å gå ein bit for å kunne leike med andre.

Alle som arbeider med planer veit at i realiteten blir 50-meters kravet fort tøygd til 70 og 100 meter, og 100 meter kan bli 120 og kanskje 150 meter. Vi vil presisere at krava til leikeplassar gjeld når det skal etablerast nye bustader. Medan det sjølvstøtt kan vere krevjande å stette både krav til avstand og storleik i etablerte bustadområde, bør omsynet til barna vege tungt når ein etablerer nye område.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Meiner kommunen har jobba godt med temaet, og at krava vi har sett tek i vare omsyn til barn og unge på ein god måte. Har fagleg god begrunnelse for å halde fast på avstandskrav. Kommunen meiner Fylkesmannen sine krav er svært vanskeleg å følgje opp i praksis, og ynskjer krav som er meir realistiske å kunne følgje opp. Temaet har vore diskutert i planmøte med kommunane i 7-stjerna ved fleire høve, og kommunen har støtte frå dei andre kommunane om dette. Kommunen ynskjer å helde fast på avstandskrava.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

B 11 Møre og Romsdal fylkeskommune - Automatisk freda kulturminne - Lid-Kråkeneset - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering motsegn

Dei automatisk freda kulturminna som ligg under reguleringsplan for Lid-Kråkeneset (2007004) manglar omsynssone C (H570). Det er i reguleringsplanen vedteken ei omsynssone C som omfattar alle gravminna på neset. Det er viktig at denne vidareførast. Slik området er i plankartet no, er det konflikt med kulturminna. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Omsynssona ligg inne i reguleringsplanen, som er gjeldande for området. Kommunen stiller spørsmål om det da er rett å vise omsynssona i kommunedelplanen. Må avklare dette. Ikkje imøtekome.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn

B 12 Møre og Romsdal fylkeskommune - Dyrkingsflate ID 177067 - Volda sentrum, Strand - Motsegn knytt til kulturminne
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Klippa.

Oppsummering motsegn

Dyrkingsflate ID 177067 på gbnr 15/2 mfl. Har innarbeida omsynssone C (H570), denne må vidareførast i plankartet.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Omsynssona ligg inne i reguleringsplanen, som er gjeldande for området. Kommunen stiller spørsmål om det da er rett å vise omsynssona i kommunedelplanen. Må avklare dette. Ikkje imøtekome.

Motsegn imøtekome

Delvis imøtekome

Motsegn



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering motsegn

Det er i reguleringsplan for Gjerdeplassen laga ei omsynssone C (H570) for steinalderlokalitet ID 147201 (Leite) gbnr 46/22. Denne manglar i plankartet. Det må også leggjast grønt formål under. Motsegn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er regulert til grønt, og omsynssona ligg inne i reguleringsplanen som er gjeldande for området. Kommunen stiller spørsmål om det da er rett å vise omsynssona i kommunedelplanen. Må avklare dette. Ikkje imøtekome.

Motsegn imøtekome


Delvis imøtekome

Motsegn

C Imøtekome/delvis imøtekome merknader

Bustadbebyggelse (B)

C 1 Møre og Romsdal fylkeskommune - Lid Berknes - B90 - (KU B2)
Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)



Oppsummering merknad

Egset, Morkabygda. Vi stiller oss ikkje negative til nytt arealføremål, men gjer merksam på at det vil bli stilt krav om ei arkeologisk registrering når det skal utførast tiltak her.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn til området om at kulturminne skal vere utgreiingstema i reguleringsplan (§ 3.1.1). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Sentrumsføremål (BS)


C 2 Statens vegvesen - Volda sentrum - BS1 (KU BS1) - Sentrumsføremål
Dokument 19/10011-258. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3245](#)



Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

C 3 Møre og Romsdal fylkeskommune - Egset, Morkabygda - BOP45 - (KU BOP4)

Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Egset, Morkabygda. Vi stiller oss ikkje negative til nytt arealføremål, men gjer merksam på at det vil bli stilt krav om ei arkeologisk registrering når det skal utførast tiltak her.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn til området om at kulturminner skal vurderast særskilt i reguleringsplan (§ 3.1.7). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 4 Møre og Romsdal fylkeskommune - Volda sentrum, Rotset - BOP6 - gbnr. 30/408 og 30/428

Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Bustadar så tett på kulturmiljøet vil gi ein negativ verknad. Vi anbefalar at det blir bygd i småskalaformat og at bygga vert trekt så langt mot aust som mogleg.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området er sett av til offentlege formål og er ei vidareføring av gjeldande plan. Det er sett inn føresegn om at bebyggelse skal ta omsyn til kulturmiljø i storleik og skala (§ 3.1.7). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 5 Torild og Roar Driveklepp - Bratteberg skule - Gbnr. 20/13 - BOP47 (KU BOP14) - Offentleg eller privat tenesteyting
Dokument 19/10011-261. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3473](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.



Skisse. Utvidingsareal skule. Bustadareal, vidareførast.

Oppsummering merknad

Held fast på tidlegare merknad om at foreslått utvidingsareal til Bratteberg skule på eigedom gbnr. 20/13 takast ut av planen. Peikar på at "Tennishallen" kan flyttast nærare andre idrettsanlegg og frigjere areal. Som ein subsidiær løysing kan ev. nedre del av tomta takast inn som utvidingsareal, men ikkje øvre del med eksisterande utleigebustad.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er behov for framtidig utvidingsareal ved Bratteberg skule. Kommunen har vore i dialog med grunneigarane, og går grunneigarane i møte ved å gå med på den subsidiære løysinga. Nedre del av tomta takast inn som utvidingsareal til skulen, medan øvre del med utleigebustad vert vidareført som bustadareal. Endringa krev ikkje ny høyring, da justeringa vert ei vidareføring av gjeldande plan.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Næringsbebyggelse (BN)

C 6 Møre og Romsdal fylkeskommune - Gjersdalen, Austefjord - BN33 - (KU BN4)
Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Gjersdalen – Austefjord. Ved utbygging vil det bli stilt krav om arkeologisk registrering.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn til området om at kulturminner skal vurderast særskilt i reguleringsplan (§ 3.1.10). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Idrettsanlegg (BIA)

C 7 Eli I. Ø. og Harald O. Vassbotn - Volda sentrum, golfbanen - BIA10 (KU BIA 6) - Idrettsanlegg
Dokument 19/10011-253. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3137](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad. Golfbana ligg på deira naboeigedom. Meiner hol på golfbana er etablert nærare eigedomsgrensa enn reglane i sikkerhetsanbefalingar for golfbaner tilseier. Peikar på at golfbana er etablert utan reguleringsplan eller søknad om tiltak. Ber om at det vert satt i gang reguleringsprosess for golfbana.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Område BIA10 er teke inn som golfbane i planen, men det er krav om reguleringsplan for gjennomføring av ev. tiltak. Generelt: i tilfelle der det er sett i gang tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova - uten at det er søkt, er dette ulovleg. Det er byggesaksavdelinga i kommunen som gir tilatelse til tiltak etter plan- og bygningslova. Merknaden er vidare sendt byggesaksavdelinga. Merknad delvis imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 8 Per M. og Siw R. Vikene - Volda sentrum - (KU BIA9) - Idrettsanlegg - ridebane
Dokument 19/10011-250. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3132](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Meiner konsekvensutgreiinga til KU BIA9 er feil under punktet Landbruk og jordressursar. Området nyttast i dag til geitebesetning. Ynskjer at dette takast inn og vert vurdert på nytt i konsekvensutgreiinga.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Konsekvensutgreiinga er oppdatert jf. merknad. Landbruk og jordressursar er endra til middels negativ konsekvens. Ingen endringar i planen.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)

C 9 Møre og Romsdal fylkeskommune - Egset, Morkabygda - BAB20 - (KU BAB14)

Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Egsetvika- slamavskiljar/pumpestasjon. Det kjem ikkje klart fram av kartet kor denne er tenkt. Det finst fleire registrerte automatisk freda gravrøyser i området, vi må difor få denne inn til vurdering.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn til området om at omsyn til kulturminner skal vurderast særskilt i reguleringsplan (§ 3.1.12). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 10 Lauvstad og Velsvik Grendalag - Ulvestad - BAB17 - (KU BAB10) - Andre typar bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Forventer at dette vert imøtekome og at det vert positivt omtala.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Tiltaket er eit samfunnsnyttig tiltak som sikrar muleg avløpsreinsing i området, og kan truleg samordnast med eksisterande arealbruk. Tiltaket bør inngå i reguleringsplan. Kommunen held fast på BAB17. Imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 11 Volda kommune, vatn og avlaup - Klippa - BAB21 - Reinseanlegg
Dokument 19/10011-265. Lenke til merknad: DokumentID 21/6846



Figur 2. høyringsframlegg. Klippa.

Oppsummering merknad

Det er no avklart at avløpsreinseanlegget for Volda sentrum skal ligge på Vikeneset, medan Mork og Furene skal ha eige avløpsanlegg på Mork. Areal sett av til reinseanlegg på Klippa (BAB21) kan difor takast ut av planen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Areal bandlagt og sett av til avlaupsreinseanlegg på Klippa (BAB21) er no teke ut av planen. Området vert vidareført med gjeldande arealformål (bustad og LNF). Merknad imøtekome. Endringa krev ikkje ny høyring da justeringa vert ei vidareføring av gjeldande plan.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 12 Volda kommune, vatn og avlaup - Juliaberget - BAB23 - Reinseanlegg
Dokument 19/10011-265. Lenke til merknad: DokumentID 21/6846



Figur 2. høyringsframlegg. Juliaberget.

Oppsummering merknad

Det er no avklart at avløpsreinseanlegget for Volda sentrum skal ligge på Vikeneset, medan Mork og Furene skal ha eige avløpsanlegg på Mork. Areal sett av til reinseanlegg på Juliaberget (BAB23) kan difor takast ut av planen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Areal bandlagt og sett av til avlaupsreinseanlegg på Juliaberget (BAB23) er no teke ut av planen, og området vert vidareført med gjeldande arealformål. Merknad imøtekome. Endringa krev ikkje ny høyring da justeringa vert ei vidareføring av gjeldande plan.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Kombinert bebyggelse og anlegg (BKB)

C 13 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Volda sentrum - BKB26 (KU E10) - Forretning/kontor/bustad
Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)



Oppsummering merknad

Store deler av området ligg innanfor gul støysone. Vil truleg vere krevjande å oppfylle tilstrekkeleg gode støytilhøve for bustader. Bør vise varsemd med å tillate etablering av nye bustader. Dersom ein skal etablere bustader her, må det i reguleringen krevjast ei støyfagleg utgreiing.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Kommunen ynskjer å halde fast på formålet. Det er sett inn krav i føresegnene om at støy skal vurderast særskilt i reguleringsplan for området (§ 3.1.14 Kombinert bygg og anleggsformål (BKB)). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 14 Statens vegvesen - Morkabygda - BKB2, BKB9, BKB11, BKB12 - Kombinert bebyggelse og anlegg
Dokument 19/10011-258. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3245](#)



Oppsummering merknad

Da dei fire areala BKB2, 9, 11 og 12 heng saman og ligg på sørsida av E39, burde det inngå i føresegnene at dei skal planleggast heilskapleg og ikkje byggast ut før E39 er lagt om.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn BKB2 og omformulert rekkjefylgjekrav (§ 2.6.1), slik at fylgjande føresegn gjeld for BKB2, 9, 11 og 12: "Området kan ikkje byggast ut før ny E39 Volda-Furene er på plass og det er utbetra eller etablert ny tilkomst frå overordna vegnett". Dette er også i samsvar med føresegn for BKB2 i gjeldande plan (kommunedelplan for Volda sentrum, der BKB2 har namnet I/F/K8). Da endringa er i samsvar med gjeldande føresegn for området er det ikkje krav om ny høyring. Det er sett inn sone med krav om felles planlegging for BKB9, BKB11 og BKB12 (§ 4.4.1), men ikkje BKB2. BKB2 er ei vidareføring av gjeldande plan. Dersom BKB2 også skal ha krav om felles planlegging, vert det rekna som ei vesentleg endring med krav om ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 15 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Volda sentrum - o_G12–o_G14 - Turdrag Rotevatnet Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)

(Sjå figur neste side.)

Oppsummering merknad

Det er teikna inn eit område for grønstruktur/turdrag langs nord- og austsida av Rotevatnet. Vi har mottatt merknad frå innbyggjarar som peiker på at det er registrert oter fleire stader i området. Etter vår vurdering er ikkje dette til hinder for å etablere turveg rundt vatnet, men ein må sjølvstags ta nødvendige omsyn til oteren ved val av trasé.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Turveg nord for Rotevatnet ligg inne i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og er soleis ei vidareføring av gjeldande plan. Området langs Rotevatnet er sett av til blågrønstruktur. Tilrettelegging av td. turveg er i tråd med arealformålet. Området har også fleire omsynssoner, m.a. H560 - bevaring naturmiljø, og H540 - omsynssone grønstruktur. Dette for å ta i vare viktige naturverdiar i området. Omsynssone H560 er laga på bakgrunn av registrering av oter kartlagt i Naturbase og rapport frå Multiconsult (2017). Imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 16 Per M. og Siw R. Vikene - Volda sentrum - o_G12–o_G14 - Turdrag Rotevatnet Dokument 19/10011-250. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3132](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.



Figur 2. høyringsframlegg. Omsynssone H560_123 markert med blått.

Oppsummering merknad

Viser til føresegn om "turdrag" og meiner omgrepet "større tiltak" må konkretiserast. Er uroa for at ein kan etablere turveg rundt Rotevatnet utan reguleringsplan. Påpeiker at det er endringar i faktagrunnlag knytt til turveg rundt Rotevatnet, kan ikkje sjå at det nye kunnskapsgrunnlaget er vurdert. Etterlyser konsekvensutgreiing.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er krav om reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet, dette er nå konkretisert i føresegn § 3.3 Grønstruktur: "For område o_G12–o_G14 er det krav om reguleringsplan før større tiltak som t.d. samanhengande tursti." Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

For kommuneplanar er det krav om konsekvensutgreiing for dei delane av kommuneplanen som fastsett rammer for framtidig utbygging, og som samtidig inneber endringar av gjeldande plan, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 18 andre ledd. Vidare gjeld krav om konsekvensutgreiing nye område avsett til utbyggingsformål med arealformål nr. 1, 2, 4, 5 eller 6 i plan- og bygningslova §11-7. Det vil seie alle arealformål unntekte grønstruktur. Dette går m.a. fram av kommunal og moderniseringsdepartementet sin veileder "Konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven." Da formålet er ei vidareføring av gjeldande plan, og i tillegg er sett av til arealformålet grønstruktur, er det ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Arealformål etter § 11-7. viser konkret kva eit areal kan nyttast til. Omsynssonene viser kva omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Omsynssone H560 - Bevaring naturmiljø legg t.d. føringar for område med viktige naturverdiar. Det er registrert fleire område med viktige naturverdiar i kommunen. Omsynssone H560 er lagt på bakgrunn av kartleggingar i kommunen, som til dømes registreringar i Naturbase.

Kartleggingar av oterbestanden rundt Rotevatnet er m.a. dokumentert i Naturbase og rapport frå Multiconsult (2017).

Rapporten viser m.a. antatt viktig yngle-oppvekstområde for oteren. På bakgrunn av denne kunnskapen var det i høringsframlegget lagt inn ei omsynssone for bevaring av naturmiljø H560_123 ved Rotevatnet (sjå figur over til høgre, der denne omsynssona er markert med blått). Innanfor denne omsynssona skal det i reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak "takast særlege omsyn til naturmiljø. Det bør ikkje tillast tiltak og inngrep som kan redusere området sin naturverdi" (§ 4.2.5 i føresegnene). Kunnskap om oterbestanden ved Rotevatnet er innarbeidd i planen med omsynssone og tilhøyrande føresegn.

Rapporten frå Multiconsult konkluderte m.a. med at "Vi anser det som sannsynlig at det vil være mulig å gjennomføre tiltaket uten vesentlige negative virkninger på oterbestanden dersom avbøtende tiltak utredes grundig og implementeres i prosjektet." Sjå også merknad frå Statsforvaltaren for same område (merknad C 15). Oterbestanden er i seg sjølv ikkje til hinder for å etablere turveg rundt vatnet, men ein må ta nødvendige omsyn til oteren (og andre naturkvalitetar) ved val av trasé.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg (LSB, LSF og LSN)

C 17 NVE - Område med spreidd utbygging - LSF og LSN

Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

I planframlegget er det fleire LNFR-område med spreidd utbygging, nokre er vidareført frå tidlegare plan, og har ikkje plankrav. Dersom eventuell naturfare ikkje er avklart i desse områda meiner vi at slik praksis vil vere i strid med Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) sitt rundskriv H-5/18. NVE rår kommunen til å sikre at det vert sett plankrav for alle utbyggingsområde der naturfare ikkje er avklara, og til å vurdere grensene for LNFR-område med spreidd utbygging slik at planen er i samsvar med KMD sitt rundskriv. I føresegnene § 3.4.2 for spreidd bustadbygging er det krav om avklaring av eventuell fare i punkt b. NVE meiner kommunen som minimum må sikre tilsvarande krav i §§ 3.4.3 og 3.4.4.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn i §§ 3.4.3 og 3.4.4: Tiltak er kun tillate i område der risiko- og sårbarheitsforhold er avklart. Merknad imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 18 Lauvstad og Velsvik grendalag - Lauvstad - Gbnr. 157/4 (ROS B44) - LSB

Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)



Figur 2. høringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Grunneigar ynskjer dette regulert og godkjent.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Deler av området ligg inne i gjeldande plan (LSB89), og området er vidareført. Området er avgrensa av faresone skred. Kommunen har ikkje høve til å utvide området innanfor skredfaresona. Delvis imøtekome/ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 19 Lauvstad og Velsvik grendalag - Sætre - Spreidd utbygging - LSB87
Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Grendalaget ynskjer dette regulert. Kan ikkje sjå noko negativt med dette.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Langs vegen til Sætreåsen ligg det eit område til spreidd bustadbebyggelse i gjeldande plan (LSB87) som er vidareført, sjå figur over. Det er ikkje teke inn nytt areal. Delvis imøtekome/ingen endringar i planen.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Kombinerte formål i sjø og vassdrag (VKA)

C 20 Kjell Harald Klokk - Høydalsneset - VKA4
Dokument 19/10011-213. Lenke til merknad: [Dokument 20/24553](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Det fremgår at område ved Høydalsneset (VKA4) ikke er tatt ut av planforslaget. Slik det er lagt frem skal det ikke lenger være mulighet for akvakulturinstallasjoner på vassoverflata i dette området. Rett vurdert da området ikke er egna. Da er det heller ikke aktuelt med store sjøområder for fortøyningssystem. Ber om at VKA4 blir tatt ut.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Arealet er vidareført frå gjeldande plan. Det er ikkje meldt behov for å vidareføre område for akvakultur i dette området, og det er difor heller ikkje behov for areal til fortøyningar. Merknad imøtekome, området er teke ut av planen. Endringa krev ikkje ny høyring, da dette er i samsvar med intensjonen i føresegnene og planomtalen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 21 Kjell Oddvar Høydalsvik - Høydalsneset - VKA4
Dokument 19/10011-218. Lenke til merknad: [Dokument 20/25738](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering merknad

Det fremgår at område ved Høydalsneset (VKA4) ikke er tatt ut av planforslaget. Slik det er lagt frem skal det ikke lenger være mulighet for akvakulturinstallasjoner på vassoverflata i dette området. Rett vurdert da området ikke er egna. Da er det heller ikke aktuelt med store sjøområder for fortøyningssystem. Ber om at VKA4 blir tatt ut.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Arealet er vidareført frå gjeldande plan. Det er ikkje meldt behov for å vidareføre område for akvakultur i dette området, og det er difor heller ikkje behov for areal til fortøyningar. Merknad imøtekome, området er teke ut av planen. Endringa krev ikkje ny høyring, da dette er i samsvar med intensjonen i føresegnene og planomtalen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Omsynssoner

C 22 Avinor - Ørsta-Volda lufthamn - Sikringssone H190
Dokument 19/10011-263. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3745](#)

Oppsummering merknad

Avinor har valgt å ikke benytte seg av innsigelse med hensyn til å ivareta punktene nedenfor, men heller fremsette vilkårene som sterke faglige råd til Volda kommune i forbindelse med sluttbehandling av kommunedelplanen:

- Etterleve en hinderflate (innflygingsflate) med helling 2,5% i Furene ved nye plan- og byggesaker.
- Innarbeide en bestemmelse med hensyn til turbulensforholdene ved Ørsta-Volda lufthamn.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunen ynskjer å imøtekome merknad knytt til hinderflate, men må avklare nærare med Avinor konkret formulering av føresegn. Har teke inn føresegn knytt til turbulensforhold ved Ørsta-Volda lufthamn (§ 4.1.1), jf. merknad. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 23 Møre og Romsdal fylkeskommune - Støysoner - H210, H220
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

I den digitale versjonen av plankart er støysoner vist, men ikkje med farger. Meiner det digitale kartet med fordel kan vise støysoner med farger for å tydeleggjere lesbarheita. Temakart D for verksemdsrisiko viser støysoner med farger. Vi kan likevel ikkje sjå at berekningsår og høgde for måling er opplyst noko stad. Dette bør presiserast nærmare da støykartet frå Statens vegvesen blir oppdatert kvart 5. år

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Plankartet fylgjer SOSI-standard, og kommunen har ikkje høve til å velge fargar eller strukturar sjølv. Det er difor ikkje mogleg å vise fargar i plankartet, sjølv om det hadde gitt betre lesbarheit. Støysonene er lagt inn med gul og raud farge i temakart. Det er nå sett inn berekningsår og høgde for måling i teiknforklaringen i temakartet. Endringa i temakartet krev ikkje ny høyring. Delvis imøtekome.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 24 NVE - H310 Skredfare, H320 Flaumfare
Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

Vi har ein generell merknad til utforming av plankartet der omsynssoner for skredfare og flaumfare også har fått ei nummerering. Det er ikkje feil slik, men vi stiller likevel spørsmål om det er naudsynt med slik nummerering.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Nummereringen er nå teke vekk. Merknad imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 25 NVE - H310 Skredfare
Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

Mogeleg skredfare i bratt terreng for områda som ikkje er kartlagt for reell skredfare er regulert med omsynssone Skredfare H310, med tilhøyrande føresegn. Det er framleis litt uklart kva aktsemdskart som er med i denne omsynssona. For desse områda må kommunen sikre at aktsemdskarta for steinsprang og snøskred er med i grunnlaget for omsynssone H310. Vi vil gjere merksam på at utforming av føresegna § 4.1.3 a, der det kan sjå ut som H310_S1-S3 og H310_UG er kulepunkt under H310. Vi rår kommunen til å vurdere om utforminga bør justerast.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Omsynssone H310_S1/S2/S3 ras og skredfare viser områder med potensiell ras- og skredfare. Omsynssona er laga med grunnlag i NVE sine aktesemdskart (Snøskred og steinsprang (NGI) og Jord- og flaumskred aktsemdsområde), og faresonekart for skred i bratt terreng for utvalte bebygde område i kommunen (frå 2019). Dette er omtalt i planomtalen i kap. 5.6 Omsynssoner s. 49. Kulepunktet i § 4.1.3 er gjort om til eigne føresegn. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 26 NVE - Omsynssone H310_UG - Faresone ustabil grunn
Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

NVE rår kommunen til å justere avgrensing av omsynssone H310_UG til areal som er omfatta av aktsemdskartet for marin leire i NVE Atlas, før slutthandsaming av planen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Avgrensingen av omsynssone H310_UG er justert jf. merknad. Imøtekome. Endringa er ei oppdatering, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 27 NVE - H320 Flaumfare
Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

Revidert planframlegg er tydelegare på kva som er grunnlaget for omsyn til mogeleg fare for flaum og erosjon. Vi stiller likevel spørsmål ved om omsynssona er basert på NVE sitt gamle aktsemdskart for flaumfare. NVE publiserte nytt aktsemdskart for flaumfare i september 2020, og det er tilgjengeleg for nedlasting på NVE sine nettsider. Vi ber om at Volda kommune oppdaterer omsynssone flaumfare i plankartet basert på det dette aktsemdskartet.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Omsynssone flaumfare er oppdatert jf. nytt aktsemdskart for flaumfare frå september 2020. Imøtekome. Endringa er ei oppdatering, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 28 Møre og Romsdal fylkeskommune - H570 Bevaring kulturmiljø
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Omsynssone H_570 Gjeld omsynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne: ber om at det vert sett inn retningsliner til omsynssona knytt til ma. bevaring av naturleg vegetasjon, graving, flytting og dispensasjonspraksis. Har framlegg til formuleringar.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn to nye retningsliner i § 4.2.6 Bevaring kulturmiljø H570, jf. merknad. Imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 29 Møre og Romsdal fylkeskommune - Automatisk freda kulturminne - H570 Bevaring kulturmiljø
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Automatisk freda kulturminne som er fjerna/manglar omsynssone i kommuneplanen:

- Gravrøys ID 60488 på Grevneset gbnr 31/1 manglar omsynssone C (H570) Har utarbeida forslag til denne sona, sjå vedlagt dokument.
- Lokalitetane ID 135172, 135171, 135175, 135173 og 135180 på Humberset gnr 32 og Hunnes gnr 39 vart utgravd av Universitetsmuseet i Bergen i 2011 og kan takast vekk frå plankartet.
- Det manglar omsynssone C (H570) rundt gravrøys ID 55338 på gbnr 86/2 Nausthagen, Bjørneset. Har utarbeida eit forslag til omsynssone rundt gravrøysa, sjå vedlagt dokument.
- Kjempegrava ID 267647 på gbnr 96/2 Kilde manglar omsynssone C H570, sjå vedlagt dokument.
- ID 171769 på gbnr 95/1 Søre Bjørkedalen har blitt dispensert for og er fjerna, denne kan takast vekk frå plankartet.
- Gravrøys ID 147291 gbnr 107/3 Hagen manglar omsynssone C H570, har laga eit forslag, sjå vedlagt dokument
- Lokalitet ID 179789 på Dravlaus Indre gbnr 146/18 og 41 manglar i plankartet, geometrien kan lastast ned frå Askeladden. Denne ligg under omsynssona til Korsfurtunet og Brunebuda.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Omsynssona er fjerna jf. punkt 2 og 5 over. Imøtekome. Det er teke inn sikringssone i planen, ikkje heile arealet som fylkeskommunen foreslår i vedlagte skisser. Kommunen stiller spørsmål ved om det er naudsynt å ta inn meir areal enn sikringssona. Viss ein skal ta inn meir, må ein få oversendt sosidata. Ynskjer dialog om dette. Endringane er ei oppdatering jf. kulturminnelova, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 30 Møre og Romsdal fylkeskommune - H730 Bandlegging etter kulturminnelova
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Vi finn det riktig å presisere at fornminne som er automatisk freda etter kulturminnelova ikkje er frigjeve sjølv om kommuneplanen legg til rette for annan bruk. Dette gjeld også kulturminne som vil bli registrert ved framtidige registreringar etter kml § 9. Vi tek difor utgangspunkt i at kommuneplanen er ein overordna plan, og at ein del konflikhtar kan vere nødvendig å avklare vidare gjennom regulering. Har forslag til formulering som bør innarbeidast i fellesføresegnene til omsynssone H_730.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har sett inn føresegn i § 4.3.3 knytt til omsynssone H730 Bandlegging etter kulturminnelova, jf. merknad. Imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 31 Møre og Romsdal fylkeskommune - Volda mellomalderkyrkjestad - H730 Bandlegging etter kulturminnelova Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Viser til tidlegare fråsegn angående Volda mellomalderkyrkjestad. Kulturminnet har fått riktige omsynssoner, men det bør takast med eit føresegn om mellomalderkyrkjestaden i kommuneplanen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Volda mellomalderkyrkjestad ligg med omsynssone H730_39. Har sett inn føresegn til området, jf. merknad (§ 4.3.3). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 32 NVE - Område der reguleringsplan framleis skal gjelde Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

I føresegnene er det ei liste over reguleringsplanar som skal gjelde framfor arealdelen, også planar av eldre dato. I plankartet er det ikkje vist arealbruk for desse områda. NVE stiller spørsmål om alle desse reguleringsplanane tek omsyn til dei statlege føringane i ny Statleg planretningsline for klima og energiplanlegging og klimatilpassing, t.d. om det er tatt omsyn til større flaumar og høgare stormflodnivå i framtida? Tek dei omsyn til ny kunnskap om naturfare og nye krav til tryggleik mot flaum og skred? Er flaum- og skredfare vurdert slik at dei eldre reguleringsplanane tek tilstrekkeleg omsyn til desse naturfarane? NVE rår Volda kommune til å vurdere om forholda er tilstrekkeleg vurdert for områda som ikkje er tatt med i arealdelen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er mange område der reguleringsplan framleis skal vere gjeldande. Krav til tryggleik er også gjeldande i regulerte område. I plankartet til kommunedelplanen er faresoner også vist for område der reguleringsplanar framleis skal gjelde. Det er eit omfattande arbeid å ta ut dei regulerte områda. Kommunen vurderer at forholda er tilstrekkeleg vurdert.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 33 NVE - Verneplan for vassdrag - H740 Bandlegging etter anna lovverk Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

NVE rår kommunen til å justere ordlyden til § 4.3.4 slik at den er meir presis i høve til handsaming av verneplan for vassdrag.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Ordlyden i § 4.3.4 er omskrive. Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag skal leggest til grunn for tiltak og planar innanfor omsynssona. Merknad imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 34 NVE - Transformatorstasjonar - H740 Bandlegging etter anna lovverk Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

Høgspenteleidningar og reguleringsmagasin er regulert med omsynssone Bandlegging etter anna lovverk H740 i plankart. Vi saknar at transformatorstasjonar som er omfatta av det same lovverket er markert på tilsvarande måte, og rår kommunen til å avklare om det er transformatorstasjonar som bør regulerast på same måte.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Transformatorstasjonar vart teke inn i 2. høyringforslag og er med i planen. Imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Andre merknadar

C 35 Møre og Romsdal fylkeskommune - § 2.3.14 - Hushaldnings- og næringsavfall

Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

For nedgravne avfallsløysingar må ikkje plasseringen vere til hinder for drift og vedlikehald av nokon typar vegar, fortau, eller gang- og sykkelvegar. I kulepunkt to under § 2.3.14 kan såleis ordet kommunale med fordel takast ut.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Ordet "kommunale" er no teke ut, merknad imøtekome. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 36 Volda og Ørsta Reinholdswerk - § 2.3.14 - Hushaldnings- og næringsavfall, § 3.1.3 - Fritidsbusetnad

Dokument 19/10011-248. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3057](#)

Oppsummering merknad

1. I samband med at kommunen opnar for utbygging av fleire omr åder for fritidsbustader, må kommunen og sette av areal for felles renovasjonspunkt for disse i kommuneplan og reguleringsplan, store nok til at der er høve for ulike sorteringsalternativ. Tilkomsten må vere slik at dei kan tømast med renovasjonsbil. Dette etter nærare samråd med VØR.
2. Kommunen bør i reguleringsplan stille krav om at det vert skipa sameige i nye hytteområder, som får ansvaret for brøyting av felles renovasjonspunkt.
3. Kommunen bør delegerare ansvaret for å føre tilsyn med separate slamavskiljarar og tette slamtankar, til VØR. Likså mynde til pålegg om utbetring av einskildanlegg i tråd med gjeldande kloakkrammeplan.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

1. Har sett inn føresegn og retningsline i § 2.3.14 om at i område med fritidsbustadar skal plassering av felles renovasjon vere avklart før utbygging. Ny retningsline om tilkomst for renovasjonsbil og at plassering skal drøftast med renovasjonsselskap. Har også sett inn føresegn i § 3.1.3 Fritidsbustad (BFR) om at plassering av felles renovasjon skal vere avklart før utbygging. Viss planen skal på ein 3. høyring er det aktuelt å sjå nærare på dette, og også ta inn eksisterande renovasjonspunkt. Viss planen ikkje skal på ein 3. høyring, bør ein sjå på dette ved neste revidering av planen.
2. Har sett inn retningsline i § 2.3.14 om at kommunen kan vurdere å sette krav i reguleringsplan om at det vert skipa sameige i nye fritidsområde, som får ansvar for brøyting av felles renovasjonspunkt.
3. Ein har ikkje mynde til å delegerare ansvar om tilsyn i kommunedelplanen. Merknaden er vidare sendt internt i organisasjonen.

Endringane i punkt 1 og 2 over er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 37 Møre og Romsdal fylkeskommune - § 2.7.1 - Byggegrenser langs veg

Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Vi viser til føresegn § 2.7.1 «Byggegrenser langs vegar» der kommunen sett ei generell byggegrense mot riks- og fylkesveg i kommuneplanen. Dersom det ikkje er intensjonen til kommunen å flytte heimelsgrunnlaget, rår vi kommunen til å fjerne første setning om byggegrense langs riks- og fylkesvegar.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Føresegn § 2.7.1 vart teke inn etter merknad frå Statens vegvesen i 1. høyringsrunde. Intensjonen var ikkje å flytte heimelsgrunnlaget. Fyrste setning er no fjerna. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 38 Møre og Romsdal fylkeskommune - § 2.15.1 - Kulturminne
Dokument 19/10011-264. Lenke til merknad: [DokumentID 21/5563](#)

Oppsummering merknad

Sjølv om det ikkje er registrerte kulturminne innanfor planforslag kan det vere potensiale for funn av ukjente automatisk freda kulturminne. Dette må kome fram i utredningen. Vi gjer merksam på at alt som inneber utbygging, skal vurderast opp mot kulturminne og –miljø. Det bør klargjerast at det kan bli stilt krav til arkeologisk registrering innanfor område som ikkje har registrerte kulturminne frå før, fordi det kan vere potensiale for nye ukjente automatisk freda kulturminne. Dette gjeld fleire av planforslaga i konsekvensutgreinga:

- KU B4, Morkabygda,
- KU B5, Morkabygda,
- BFR25, Folkestadområdet
- BFT8, Årset Austefjorden
- BKB2, Haukåsen, Morkabygda
- LSB76, Vassbotn - frådelling av tomter
- B46, Haugen, Lauvstad
- Område nr. KU SPA1, Egsetvika
- Område nr. KU LSB15, Røfsholen, Bjørkedalen
- Område nr. KU BGU3, Leirshaugen gravplass
- Område nr. KU BKB6, Holsvik, Austefjorden

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Har satt inn føresegn § 2.15.1 kulturminne om at ved planar og tiltak skal tilhøvet til kulturminne avklarast i høve lov om kulturminne. Regionalt kulturminnemynde skal høyrast dersom kulturminnespørsmålet ikkje er avklara i reguleringsplan. Har sett inn retningsline om at det kan bli stilt krav om arkeologisk registrering til områda B104 Morkabygda (KU B4), B33 Røfsholen, Bjørkedalen (KU LSB15), BFR25 Folkestad (KU BFR25), BKB2 Haukåsen, Morkabygda, LSB76 Vassbotn, LSB84 Haugen, Lauvstad (KU B46), SPA26 Egsetvika (KU SPA1). Fylgjande område er ikkje med i planforslaget: KU B5 Morkabygda, KU BFT8 Årset, KU BGU3 Leirshaugen og KU BKB 6 Holsvik. Da dei ikkje er med i planen, er det ikkje gjort endringar i planen knytt til desse. Endringane er etter kommunen si vurdering ikkje vesentlege endringar av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 39 Landbrukskontoret Ørsta Volda - § 3.4.1 - LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)

Oppsummering merknad

Merknad til føresegn § 3.4.1 LNF. Lurer på kvifor det vert referert til § 2.6.1.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Henvisningen var feil, skal referere til § 2.3.6 Kantsone langs vassdrag. Feilen er retta opp. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 40 Direktoratet for mineralforvaltning - Generell merknad
Dokument 19/10011-241. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2960](#)

Oppsummering merknad

Vi registrerer at våre merknader er teke omsyn til og innarbeidd i planen. DMF har ingen ytterlegare merknadar.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

C 41 Kystverket - Generell merknad
Dokument 19/10011-220. Lenke til merknad: [DokumentID 21/1266](#)

Oppsummering merknad

Ser at tidlegare merknader er teke omsyn til og justert samsvarande. Har ikkje nye kommentarar.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Imøtekome/ingen endring i planen.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D Ikkje imøtekome/delvis imøtekome merknader

Bustadbebyggelse (B)

D 1 Møre og Romsdal fylkeskommune - Lid Berknes - B90 - (KU B2)
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)



Oppsummering merknad

Uheldig å legge opp til bustadar på motsett side av fylkesvegane ift. skule. Fartsgrense 80km/t, ikkje tilrettelagt med gang- og sykkelveg, eller trygt kryssingspunkt over fylkesvegen. Forslaget er i strid med arealstrategien om lokalisering av nye bustadfelt, og vil såleis bli bilbasert. Det kan bli utfordrande med totalt tall avkøyrslar. Vi rår derfor kommunen på det sterkaste til å ikkje imøtekome dette merknadet.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Lid skule er nedlagt. Ynskjer å halde fast på arealbruken, jf. politisk diskusjon i FSK. Ikkje imøtekome merknad, ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 2 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Egset - B234 - (KU B57) - Bustadbebyggelse
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

B234 - Dyrka jord avsett til bustadar på Mork. Området er inneklemt, men likevel flott areal som bør sparast. Spør om heller B106, B7 eller LSB14 kan utvidast.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


I konsekvensutgreiinga er området vurdert til å ha stor verdi for landbruk og jordressursar. Nedbygging vil øydelegge denne verdien, og ha stor negativ konsekvens. Tiltaket vil kunne gi auka busetting i Morkabygda, og er i samsvar med arealstrategi om busetting. Fleire andre alternative areal er vurdert i området. Etter ei samla vurdering ynskjer ein å legge til rette for bustadbygging her. Ikkje imøtekome merknad, ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 3 Jostein Egset - Egset - (KU B58, ROS E1) - Bustadbebyggelse
Dokument 19/10011-256. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3144](#)



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad og held fast på dette. Ber om at eit areal på gbnr. 13/6 vert sett av til bustadformål. Tomtene i tilknytning til bustadfeltet i Kvisla er føreslått for at barn og barnebarn skal ha tilknytning til garden.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Tomtene i tilknytning til bustadfeltet i Kvisla er konsekvensutgreidd (KU B58). Området ligg i kjerneområde landbruk og er i strid med arealstrategi om landbruk og tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur. Tiltaket vil kunne gi auka busetting i Morkabygda som er i samsvar med strategi for busttting. Området er støytsett og ligg i område med marine avsetningar som må avklarast. Har tidlegare konkludert med at ein ikkje bør imøtekome forslaget no, men kan vere eit potensiale for framtida. Området øst for hovudveg er ikkje tilrådd å imøtekome, på grunn av uavklart ROS, skredsituasjon. Held fast på tidlegare konklusjon, ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein tek inn areala må planen på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 4 Per Arne Heltne - Volda sentrum - Gbnr. 20/4 - (KU B24) - Bustadbebyggelse
Dokument 19/10011-246. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3050](#)



Oppsummering merknad

Ynskjer at område KU B24 vert vurdert på nytt. Viser til flaumførebygging og sikring av Heltneelva, og spør om karta er oppdatert etter dette. Peiker på at det grønne beltet mellom fjord og fjell på det meste er over 100 meter. Peikar på at dette er sentrumsnære tomter.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Karta er oppdatert etter NVE sine skredfaresoner. Dei er ikkje oppdatert etter flaumførebygging. Det kan vere at reell skredfare er minska i området som følgje av flaumførebygginga, men det vil vere behov for ny skredfarevurdering for å dokumentere dette. Ved eventuelle utbyggingar må tiltakshavar vurdere reell skredfare. Tiltaket ligg i viktig grønstruktur frå fjord til fjell langs Heltneelva og ein reduksjon av dette grøntbeltet vil ha store negative konsekvensar for denne verdien. Grønstrukturen langs Heltneelva er ein viktig ressurs, og ein har ein restriktiv haldning til å redusere dette grøntstrukturbeltet. Held fast på tidlegare konklusjon, ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein tek inn arealet må planen på ny høyring.



Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 5 Herdis og Gregorius Rotevatn - Vikebygda - (KU B34) - Bustadbebyggelse

Dokument 19/10011-224. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2218](#)



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad. Ynskjer at området (KU B34) takast inn til bustadareal. Viser til at området har tilgang på vatn og kloakk, og arealet har i dag avkøyrsløse på ei oversikteleg strekning på fylkesvegen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er tidlegare konsekvensutgreidd. Delar av området er fulldyrka jord og området har middels negativ konsekvens for fleire utgreiingstema. Området ligg i tilknytning til Vikebygda skule, og vart i konsekvensutgreiinga vurdert til å ha stor verdi for barn og unge. Vikebygda skule er nå nedlagt og situasjonen er difor noko endra. Fleire av areala sett av til bustadformål i Volda sentrum vart teke ut etter 1. høyringsrunde, grunna motsegn. Da situasjonen er noko endra, kan det vere meir aktuelt å akseptere arealet til bustadformål. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring. Da delar av området er dyrka jord, kan ein ikkje utelukke at ein også vil kunne få motsegn til dette arealet også. Kommunen ynskjer å vurdere arealet på nytt ved neste revisjon av planen.



Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 6 Lauvstad og Velsvik grendalag - Lauvstad - (KU B43) - Bustadformål

Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)



Oppsummering merknad

Forstår ikkje begrunnelsen. Ber om at dette vert vurdert på nytt.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området har stor verdi knytt til landbruks- og jordressursar. Området har fulldyrka areal, innmarksbeite og lauvskog. Det er registrert fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse i og nær området. Nedbygging vil også ha negative konsekvensar knytt til landskap og allmenn tilgjengeleg strandsone. Med store negative konsekvensar for fleire av utgreiingstema kan ein ikkje kan rå til utbygging i området. Held fast på tidlegare konklusjon, ikkje imøtekome. Dersom ein tek inn arealet må planen på ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Fritidsbebyggelse (BFR)

D 7 Landbrukskontoret i Ørsta Volda - Aurstad - BFR57 - Fritidsbebyggelse
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Merknad til område avsett til fritidsbustader på Aurstad. Delar av feltet er lagt på dyrka jord. Feltet bør flyttast/justerast slik at ein unngår bruk av dyrka jord.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er vidareført frå gjeldande plan. Området er også regulert. Dyrka jord er delvis sikra i reguleringsplan. Arealet er nå lagt inn som område der gjeldande reguleringsplan skal gjelde framfor kommunedelplanen. Endringane er ei oppdatering jf. dagens situasjon og krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)

D 8 NVE - Andre typar bebyggelse og anlegg (BAB)
Dokument 19/10011-223. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2115](#)

Oppsummering merknad

I planomtalen står at vasskraftverk er vist med Anna type anlegg (BAB), men vi ser likevel at det i plankartet berre er vist eitt anlegg med slikt føremål.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Vasskraftverk er gitt konsesjon. Eksisterande vasskraftverk som er bygd ut er ikkje vist med arealformål i plankartet. Har oppdatert planomtalen, og tydeleggjort kva som er teke med i planen. Ved endring av arealformål må planen på ny høyring. Viss kommunedelplanen skal ut på ein 3. høyringsrunde er det aktuelt å ta inn eksisterande vasskraftverk. Ev. bør ein gjere dette ved neste revisjon av planen.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Fritids- og turistformål (BFT)

D 9 Landbrukskontoret i Ørsta Volda - Hamre - BFT2 - Fritids- og turistformål
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Område til fritids- og turistformål på Hamre. Viser til at heile innmarka til gardsbruk går frå jordbruksareal til andre formål.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er vidareført frå gjeldande plan. Har teke inn føresegn om at omsyn til landbruk og dyrka mark skal vurderast særskilt i reguleringsplan. Mindre endringar kan vurderast i reguleringsplan (§ 3.1.8 Fritids- og turistformål (BFT)). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring. Dersom tiltak ikkje er realisert før neste revidering av arealdelen, kan ein vurdere å ta området ut av planen. Dersom ein tek ut området må planen på ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Råstoffutvinning (BRU)

D 10 Ragnar Høydalsvik, Harald Sundal, Lidvald Aurstad - Skinnvika - BRU3 - (KU F10) - Råstoffutvinning
Dokument 19/10011-222. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2079](#)



Oppsummering merknad

Viser til tildegare merknad, meiner argumenta for å avvisе merknaden er feil. Ynskjer å utvidet området til massetak ned til sjøen. Viser til at det i dag er næringsaktivitet på alle sider av arealet; næringsdrift av sandtak, akvakultur, dyrka jord og beite som går heilt til sjøs. Meiner det er naturleg og heilt nødvendig at arealet takast inn som massetak.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er konsekvensutgreid og har negative konsekvensar for fleire utgreiingstema. Grøntsona mot sjøen fungerer som ein buffer mellom massetaket og strandsona. Arealet ligg i 100-metersbeltet. Mindre justeringar kan ev. vurderast nærare i ein reguleringsplan. Kommunen held fast på tidlegare konklusjon. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Kombinert bebyggelse og anlegg (BKB)

D 11 Din Bolig - Volda sentrum - BKB34 - (KU B22) - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-254. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3138](#)



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad til planen. Meiner konsekvensutgreiinga er feil, da den vurderar området heilt ned til elva. Viser til at kommunen har konkludert med at mindre justeringar kan vurderast i samband med reguleringsplan, men ynskjer at arealdisponeringen vert fastsett i overordna plan. Viser til byggegrenser langs vassdrag. Viser også til området sentrale plassering.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Sjølv om arealet vart avmerka heilt ned til elva i KU, har ein vurdert utviding slik det er skissert i innspel. Kommunen ynskjer i utgangspunktet ikkje utbygging nærare elva, og vil halde fast på grøntarealet. Mindre justeringar i forbindelse med reguleringsplan kan likevel godtakast. Dette er nå konkretisert i føresegnene (§3.1.14 f). Dersom ein tek inn eit større areal no må planen på ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 12 Statens vegvesen - Morkabygda - BKB11, BKB12 - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-258. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3245](#)



Oppsummering merknad

Områda ligg nær eksisterande vegsystem (E39 og fv. 653), og kan legge beslag på areal som kan vere naudsynt for framtidige vegløyser. Veglova stiller krav om byggegrense på 50 m frå senterlinja til riks- og fylkesveg, og ytterlegare skjerpa krav til byggegrense i kryss. Med tanke på framtidig trafikkauke, vil ein ved seinare vegplanar måtte vurdere kryssløyser på Furene. Ei anna løysing/dimensjonering kan utløyse behov for meir areal til vegformål, og ikkje minst byggingen. Føresegn § 2.6.1.e i sikrar at BKB11 og 12 ikkje kan byggast ut før E39 Volda-Furene er bygd, men ein har ikkje tatt med i vurderingane at areala også kan vere aktuelle til same bruk i framtidige byggeprosjekt og/eller til oppgraderingar/tiltak langs vegnettet. Vi rår difor på det sterkaste til at også BKB11, og særleg BKB12, også vert teke ut av kommuneplanen. Alternativt at formålsgrensa vert vesentleg justert.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Furene er eit viktig næringsområde for Volda, men areal avsett i gjeldande planar er snart utbygd. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde i eit langsiktig perspektiv, er det behov for å sette av meir areal til utvikling i området. Areal ligg langs hovudvegnettet, i tråd med arealstrategi. Med omsyn til byggegrense langs veg, og for å kunne etablere avkøyrsløse og nytte arealet effektivt er det nødvendig å sette av eit større areal. Dette er noko av bakgrunnen til at ein ynskjer å halde fast på BKB11, i tillegg til BKB12. Sjå også kommentar til Statsforvaltaren og fylkeskommunen for same område (B5–B7 s. 13–14). Kommunen ynskjer ikkje å ta området ut eller endre formålsgrensa vesentleg. Ikkje imøtekome, ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 13 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Morkabygda - BKB11 - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID21/2962](#)

(Sjå figur over)

Oppsummering merknad

Held fast på at BKB11 vert eit for stort inngrep i den dyrka jorda sør/aust for E39.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

I konsekvensutgreiinga er området vurdert til å ha stor verdi for landbruk og jordressursar. Nedbygging vil øydelegge denne verdien, og ha stor negativ konsekvens. Tiltaket er viktig for utvikling av Furene som eit handels- og næringsområde, og er i samsvar med arealstrategi om næringsareal langs hovudvegnett. Etter ei samla vurdering ynskjer ein å legge til rette for utbygging her. Kommunen ynskjer ikkje å ta området ut, ikkje imøtekome merknad.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 14 Statens vegvesen - Morkabygda - BKB24 - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-258. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3245](#)



Oppsummering merknad

Viser til at Regjeringa har valt Hafast som trase for framtidig E39. Løysinga for fjordkryssinga vil ha innverknad på veglinja, men ut frå planlagd tunnelpåhogg i Furene og vegen vidare mot rundkøyringa, legg dette opp til at framtidig E39 vil følge trase gjennom Morkaåsen tilnærma slik fv. 653 gjer i dag. BKB24 ligg delvis over Morkaåstunnel noko som vil kunne legge føringar for kva tiltak som kan realiserast over tunnelen, men kan også gjere eventuelle framtidige tunnellop eller endringar av eksisterande løysing vanskelegare å gjennomføre. Vi rår difor på det sterkaste til at området vert teke ut av kommuneplanen, eller at formålsgrensa vert vesentleg justert.



Kommunen sin kommentar og konklusjon

Furene er eit viktig næringsområde for Volda, men areal avsett i gjeldande planar er snart utbygd. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde i eit langsiktig perspektiv, er det behov for å sette av meir areal til utvikling i området. Areal ligg langs hovudvegnettet, i tråd med arealstrategi. Sjå også kommentar til Statsforvaltaren og fylkeskommunen for same område (B5–B9 s. 13). Kommunen ynskjer ikkje å ta området ut av planen, merknad ikkje imøtekome. Ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 15 Ola Veddeng - Morkabygda - ROS BKB9 - Kombinert bebyggelse og anleggDokument 19/10011-257. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3145](#)**Oppsummering merknad**

Viser til tidlegare merknad. Ber om ny vurdering av området foreslått til kombinerte formål. Viser til at området vert eit inneklemt LNF-område, med nærings- og forretningsområde på fleire sider.


Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området ligg innanfor kjerneområde landbruk. Det kan likevel vere fornuftig å sjå dette området i samanheng med tilgrensande areal sett av til kombinerte formål. Det er eit ynskje om å utvikle handels- og næringsområdet på Furene, og tiltaket er i samsvar med arealstrategi om næringsareal langs hovudvegnettet. Samtidig er det i planframlegget sett av fleire andre areal til kombinerte formål i dette området. Både Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren har motsegn til dei tilgrensande områda, m.a. knytt til jordvern. På bakgrunn av dette er det ikkje ynskjeleg å imøtekome merknaden nå, men arealet kan ev. vurderast ved ein seinere revisjon. Held fast på tidlegare konklusjon, ikkje imøtekome. Dersom ein tek inn arealet må planen på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 16 Coop Nordvest - Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9) - Kombinert bebyggelse og anleggDokument 19/10011-246. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3053](#)**Oppsummering merknad**

Viser til tidlegare merknad knytt til kloakkrensing på Lauvstad. Ber om at plassering vert revurdert. Ynskjer å nytte dette arealet til eventuell utviding av butikken. Stiller spørsmål om det er behov, da det allereie er felles kloakkanlegg for eigedomar i området.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunen tek alle innspel om plassering av eit eventuelt avløpsanlegg til etterretning. Det er viktig å påpeike at sjølv om det vert sett av areal til avløpsanlegg er det ikkje einsbetydande med at det er der det faktisk kjem til å etablerast anlegg akkurat der. Det er likevel nødvendig at ein i kommunedelplanen sikrar areal, slik at det vert mogleg å etablere reinsing av avløpsvatnet på Lauvstad, om det av andre årsakar ikkje er mogleg å få til dette andre plassar.

Kommunen har forståing for at dette er eit viktig og sentralt område på Lauvstad. Dessverre er det også slik at det er i

sentrumsnære område dei fleste utslippsleidningane samlast, og difor også der det oftast er økonomisk gunstig å plassere eit anlegg, då ein slepp å pumpe avløpsvatn ut av sentrum for å reinse det. Dette gjeld også for Volda sentrum, der det no er vedteke ei oppgradering av Vikeneset. Alle innspela knytt til arealet er gode. Butikken treng parkeringsplassar og areal for framtidig utviding, dette ser vi på som positive signal for utviklinga på Lauvstad. Vi tar også med oss innspel om lokalisering av eit nytt anlegg på nordsida av elva og på sørsida av småbåthamna. Ein vil likevel påpeike at arealet eit slikt anlegg etablerast på må ha veg som kommunen kan nytte. Om kommunen må kjøpe areal eller etablere ny veg vil dette vere fordyrande for prosjektet og for abonnentane.

Kommunen vil også legge opp til at alle skal få kome med innspel når ein startar opp arbeid med plassering og bygging av avløpsreinsing på Lauvstad og kjem til å starte på «blanke ark», sjølv om det no vert lagt inn areal i kommunedelplanen. Kommunen ynskjer ei open og ryddig prosess, og kjem til å involvere innbyggjarar og næringsliv t.d. ved folkemøte ea. Val av endeleg plassering er med andre ord ikkje fastlåst eller bestemt, sjølv om kommunen meiner det er viktig å halde fast på arealet i kommunedelplanen. Merknad ikkje imøtekome, ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 17 Marianne og Odd Kåre Mork - Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9) - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-252. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3135](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad om plassering av kloakkrenseanlegg på Lauvstad. Området er opparbeid som parkeringsplass, og vert nytta m.a. av bubilar og turistar. Peiker på fleire alternative område.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det kan vere aktuelt å etablere avløpsanlegget andre plassar, men kommunen meiner likevel at det inntil vidare er viktig å halde fast på arealet i kommunedelplanen. Sjå også kommentar til Coop Nordvest over. Merknad ikkje imøtekome, ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 18 Lauvstad og Velsvik Grendalag - Lauvstad - BKB23 - (KU BAB9) - Kombinert bebyggelse og anlegg

Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering merknad

Stiller seg bak uttale frå COOP Nordvest, ynskjer ikkje kloakkrenseanlegg her, da dette er eit område med mykje ferdsel. Viser til at hovudkloakkrøret ligg nærare småbåthamna.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det kan vere aktuelt å etablere avløpsanlegget andre plassar, men kommunen meiner likevel at det inntil vidare er viktig å halde fast på arealet i kommunedelplanen. Sjå også kommentar til Coop Nordvest over. Merknad ikkje imøtekome, ingen endring i planen.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Samferdsleanlegg

D 19 Oppsitjarar langs Heltne- og Uravegen - Uravegen, samleveg med gang- og sykkelveg - (KU Veg2 og GV3)
Dokument 19/10011-244. Lenke til merknad: [DokumentID 20/3049](#)



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad. Ser at planforslaget framleis opnar for å gjere Uravegen til samleveg med gangveg. Ber på nytt om at tiltaket vert teke ut av planen. Peikar på at konsekvensutgreiinga viser fleire negative konsekvensar enn positive, at dei positive konsekvensane er vurdert som "ubetydeleg positive" og stiller spørsmål om kvifor ein då skal opne vegen. Gjer merksam på ein setning som manglar i KU, der står "men er i samsvar med strategien som ." Meiner KU ikkje vurderer støy, bumiljø og trafikktryggleik på ein god nok måte.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Setningen som manglar i KU er nå fullført ("Tiltaket er i strid med arealstrategien om å sikre og vidareutvikle grønstrukturen i Volda sentrum, men er i samsvar med strategien om å sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveg som sikrar trygg ferdsel for barn og unge."). I konsekvensutgreiinga har ein nytta ein skala med tre nivå, der raud farge betyr "svært stor/kritisk negativ konsekvens", gul farge betyr "middels negativ konsekvens" og grøn farge betyr "ubetydeleg/positiv konsekvens" (jf. trinn 4 i metodekapittel). Dersom eit tema har fått grøn farge i konsekvensutgreiinga, betyr det at tiltaket har ubetydeleg eller positiv konsekvens for det temaet. Metoden legg ikkje opp til å skilje td. liten, middels eller stor positiv konsekvens. Samlevegen har fleire negative konsekvensar, men i ei samla vurdering kan tiltaket synast samfunnsnyttig ved at det kortar ned på køyrestrekningen mellom dei øvre bustadområda i Volda sentrum. For å betre kunne vurdere kva effekt tiltaket vil ha, og korleis trafikken vil fordele seg, er det nå sett inn krav i føresegnene om at ein skal gjennomføre ei trafikkanalyse før ev. regulering (§ 3.2.1 Veg). Trafikkanalysen vil gje eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere om ein skal sette i gang ei regulering, og kva effekten og konsekvensane av tiltaket vil vere. Dersom ein ynskjer å gå vidare med regulering er det i tillegg sett inn krav i føresegnene om at i samband med regulering skal støy, konsekvensar for bumiljø og omsyn til grønstruktur og mjuke trafikantar (trafikktryggleik) vurderast særskilt. I ein reguleringsplan må konsekvensar for Uravegen, men også kringliggande bumiljø i Heltnevegen mv. vurderast nærare. Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring. Dersom ein tek tiltaket ut av planen, krevst det heller ikkje ny høyring, da det vert ei vidareføring av gjeldande plan.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 20 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Uravegen, samleveg med gang- og sykkelveg - (KU Veg2 og GV3)
Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)

(Sjå figur over)

Oppsummering merknad

Planframlegget vil opne Uravegen for biltrafikk. Stiller spørsmål ved om det er i tråd med intensjonen i nasjonal politikk om å dreie mest mogleg av transporten over frå bil til gange/syssel/kollektivtransport. Dersom ein legg til rette for auka bilkøyring, får ein sannsynlegvis auka bilkøyring. Ber om at kommunen gjer ei ny vurdering av dette.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Spørsmålet er også om det i praksis vert auka biltrafikk, eller om mange i dag likevel køyrer rundt, slik at tiltaket vil redusere faktisk køyremengde. Tiltaket vil likevel endre trafikkmonsteret. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag er det sett inn krav om å gjennomføre ei trafikkanalyse før ev. regulering. Sjå også forige merknad frå oppsitjarar langs Heltne- og Uravegen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 21 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Fjordkryssing
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Det er teikna inn ei vegløyising der vegen frå brua går over Rotset og kryss E39/Torvmyrvegen. Vegen vil med ei slik plassering øydelegge mykje dyrka jord på Rotset. For landbruket kan krysset og vegen med fordel flyttast inn i Rotsethorntunnelen der det ikkje vil forbruke dyrka jord. Slike kryssløyisingar finn i fleire nye veganlegg.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er teikna fleire alternative fjordkryssingar som illustrasjon i plankartet. Det er sett i gang eigen kommunedelplan som vil avklare trasé. Konsekvensar for landbruk mv. vert vurdert nærare i kommunedelplanen. Ikkje imøtekome, ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 22 Øvre Smalebakken Velforening - Trafikktrygging Raudemyrvegen - Solhøgda
Dokument 19/18306-27. Lenke til merknad: [DokumentID 21/4329](#)

Oppsummering merknad

Merknad knytt til trafikktrygging, Raudemyrvegen - Solhøgda.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunedelplanen tek ikkje stilling til konkrete trafikktryggingstiltak. Merknad er vidaresendt som innspel til trafikktryggingssplanen. Ingen endringar i planen.

Imøtekome


Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 23 Tormod Utne - Volda sentrum - o_G13- o_G14 - Turdrag Rotevatnet
 Dokument 19/10011-229. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2863](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspele markert med lilla/turkis.



Figur 2. høyringsframlegg. Omsynssone H560_123 markert med blått.

Oppsummering merknad

Viser til at kommunestyret i 2018 stemte nei til reguleringsplan om å bygge turveg langs nordsida av Rotevatnet. Likevel er traseen no døypt om til "turdrag" og lagt inn i nytt planforslag. Ber om at turvegen, som no heiter "turdrag", vert trekt ut av planforslaget. Peikar på at det er dokumentert ynglande oter som brukar hi midt i traseen, og meiner eit slikt inngrep ikkje kan vere foreineleg med hensyn til raudlista art. Meiner eit inngrep langs vatnet vil komme i strid med lovverket. Har lagt ved dokumentasjon på observasjonar av oter i området.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Turveg nord for Rotevatnet ligg inne i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og er soleis ei vidareføring av gjeldande plan.

Arealformål etter § 11-7 viser konkret kva eit areal kan nyttast til. Omsynssonene viser kva omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Omsynssone H560 - Bevaring naturmiljø legg t.d. føringar for område med viktige naturverdiar. Det er registrert fleire område med viktige naturverdiar i kommunen. Omsynssone H560 er lagt på bakgrunn av kartleggingar i kommunen, som til dømes registreringar i Naturbase.

Kartleggingar av oterbestanden rundt Rotevatnet er m.a. dokumentert i Naturbase og rapport frå Multiconsult (2017). Rapporten viser m.a. antatt viktig yngle-oppvekstområde for oteren. På bakgrunn av denne kunnskapen var det i høyringsframlegget lagt inn ei omsynssone for bevaring av naturmiljø H560_123 ved Rotevatnet (sjå figur over til høgre). Innanfor denne omsynssona skal det i reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak "takast særlege omsyn til naturmiljø. Det bør ikkje tillast tiltak og inngrep som kan redusere området sin naturverdi" (§ 4.2.5 i føresegnene).

Rapporten frå Multiconsult konkluderte m.a. med at "Vi anser det som sannsynlig at det vil være mulig å gjennomføre tiltaket uten vesentlige negative virkninger på oterbestanden dersom avbøtende tiltak utredes grundig og implementeres i prosjektet." Sjå også merknad frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for same område (merknad C 15). Oterbestanden er i seg sjølv ikkje til hinder for å etablere turveg rundt vatnet, men ein må ta nødvendige omsyn til oteren (og andre naturkvalitetar) ved val av trasé.

Kunnskap om oterbestanden ved Rotevatnet er innarbeidd i planen med omsynssone og tilhøyrande føresegn. Ingen endring i planen. Det er krav om reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet, dette er nå konkretisert i føresegn § 3.3 Grønstruktur: "For område o_G12–o_G14 er det krav om reguleringsplan før større tiltak som t.d. samanhengande tursti." Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring. Dersom ein tek ut området sett av til blågrønstruktur er det ei vesentleg endring som vil krevje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 24 Kirsti og Børild Skåra - Volda sentrum - o_G14 - Turdrag Rotevatnet
Dokument 19/10011-255. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3139](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering merknad

Ynskjer at turdraget o_G14 takast ut av planen, og at kantsona langs Rotevatnet vert endra til LNF. Viser til at beitedyr på eigdomen nyttar vatnet som ei naturleg drikkevasskjelde. Faunaen i og ved vatnet treng også ei frisone.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Turveg nord for Rotevatnet ligg inne i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og er soleis ei vidareføring av gjeldande plan. Området langs Rotevatnet er sett av til blågrønstruktur. Tilrettelegging av t.d. turveg er i tråd med arealformålet. For område o_G12–o_G14 er det krav om reguleringsplan før større tiltak som t.d. samanhengande tursti. (jf. § 3.3). Området har også fleire omsynssoner, m.a. H560 - bevaring naturmiljø, og H540 - omsynssone grønstruktur. Dette for å ta i vare viktige naturverdiar i området. Kommunen ynskjer ikkje å ta ut området sett av til blågrønstruktur, ikkje imøtekome. Ingen endring i planen. Dersom ein tek ut området er dette ei vesentleg endring som vil krevje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 25 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Volda sentrum - o_13–o_G14 - Turdrag Rotevatnet
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)

(Sjå figur over.)

Oppsummering merknad

Rotevatn: Grunneigarar/husdyreigarar har kontakta landbruksmynde og reagert på at jordbruksareal vert friluftsførmål med tap av ressursar og konflikt mot m.a. beiting.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Turveg nord for Rotevatnet ligg inne i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, og er soleis ei vidareføring av gjeldande plan. Området langs Rotevatnet er sett av til blågrønstruktur. Merknad ikkje imøtekome/ingen endringar i planen. Dersom ein tek ut området er dette ei vesentleg endring som vil krevje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 26 Jostein Egset - Nubben - o_GF5 - Friområde
Dokument 19/10011-256. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3144](#)



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad og held fast på dette. Ynskjer at friområdet på Nubben vert endra til LNF. Meiner friområdet vil skape problem for beiting for kyr, da beiteområdet ligg heilt inntil Nubben.



Kommunen sin kommentar og konklusjon

Friområdet er ei vidareføring av gjeldande plan. Strandarealet har funksjon som nærturområde og gir lokalbefolkningen tilgang til eit sjø-strandområde. Kommunen ynskjer å helde fast på arealbruken. Ikkje imøtekome, ingen endring i planen. Dersom ein tek ut friområdet er det ei vesentleg endring som vil krevje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome



Oppsummering merknad

Viser til tidlegare merknad. Presteboligen er boligeiendom, det er ikke aktuelt å avstå areal til kvartalsleikeplass ea. offentlig friområde tett på boligen. Ber om at formål endres til Bolig for hele eiendommen.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er gjennomført ei kartlegging og analyse av leikeplassar i Volda sentrum. Denne viser at det er eit stort behov for kvartalsleikeplass i området. Figuren over syner kva bustadar i Volda sentrum som ligg innanfor 300 meter frå opparbeidde/«fungerande» kvartalsleikeplassar i dag. Det er ei målsetting at alle som bur i Volda skal ha maks 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass. Området ligg i omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø. Grøntformål under denne omsynssona er også i tråd med føringar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunen ynskjer å helde fast på arealbruken. Ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein endrar formål til bustad krev det ny høyring, da området er bandlagt etter lov om kulturminner i gjeldande plan.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Areal for spreidd bustadbygg (LSB)



Oppsummering merknad

Ynskjer at negativ omtale fjernast og at området vert godkjent.


Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er uheldig å opne eit nytt område for busetting, når der er fleire andre område for spreidd bustadbygg som ikkje er bygd ut. Held fast på tidlegare konklusjon, ikkje imøtekome. Dersom ein tek inn arealet må planen på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 29 Lauvstad og Velsvik grendalag - Lauvstad - Gbnr. 161/3 - Areal for spreidd bustadbygg (LSB)Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)**Oppsummering merknad**

Ber om at det vert tatt inn areal til tomter/hytter på Ronny Torvik sin eigedom som på kart frå folkemøte ved oppstart. Meiner dette må vurderast på nytt da grunn til avslag stemmer lite med fakta.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området ligg i aktsemdsone skred og ustabil grunn, og er vurdert som uakseptabelt i ROS-analysen (ROS BKB7). Ligg i 100-metersbeltet. Kommunen har ikkje høve til å legge ut område i skredutsatte område, før skredfaren er avklart eller vurdert nærare. Kommunen held fast på tidlegare vurdering, ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein endrar arealformål krev det ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 30 Landbrukskontoret Ørsta Volda - LNF - Spreidd busetnadDokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)**Oppsummering merknad**

Merknad til LNF-område som er opna for spreidd busetnad. Viser til at det er gjort justeringar frå 1. høyringsutkast, men peikar på at det framleis er mykje dyrka jord inne i einskilde av desse områda, t.d. i Dalsbygda. Jordlova §§ 9 og 12 gjeld framleis. Det er og framheva at bygging på dyrka mark ikkje skal skje.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

I revidert planframlegg har ein teke ut område som ligg i fareområde. Område innanfor kjerneområde landbruk er også teke ut. Som merknaden peikar på skal §§ 9 og 12 i jordlova gjelde, og bustadtomter skal ikkje plasserast på dyrka jord (jf. § 3.4.2). Ein har ikkje redusert arealet ytterlegare. Ein kan ev. vurdere dette ved neste revisjon av planen. Merknad ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein endrar arealformål krev det ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Akvakultur (VA)

D 31 Lauvstad og Velsvik grendalag - Sætre - VA1, VKA10 - Akvakultur
Dokument 19/10011-251. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3133](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Akvakultur, Sætre. Ynskjer å fjerne lokaliteten med omsyn til miljø og trivsel. Anlegget er til sjenanse for nærliggande bebyggelse.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Anlegget har gyldig konsesjon. Ved å ta ut området kan kommunen få erstatningskrav. Kommunen held fast på tidlegare vurdering, ikkje imøtekome, ingen endringar i planen. Dersom ein tek ut området må planen på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Andre merknadar

D 32 Einar Furnes – Dansen sæter
Dokument 19/10011-131, 219, 221. Lenke til merknad: [DokumentID 19/15519](#)

Oppsummering merknad

Ber om at forslaget i arealplanen der Dansen sæter vert vurdert til særst verneverdig vert trekt. Meiner kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, og at Dansen er ei etter måten ny sæter, meiner det er få spor att av dei gamle stølsbygningane, og moderniseringen av bygga gir eit anna inntrykk enn det ein ventar seg av ein gamal støl.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunen gjennomførte i 2018 ei kartlegging og registrering av verdifulle sætreområde i kommunen, som er samla i dokumentet "[Verdifulle setremiljø](#)". I denne kartleggingen vart fem sætromeområde i tidlegare Volda kommune (inkludert Dansen) peika på som sætrar og sætreområde med stor verdi som kulturminne og kulturlandskap. Føresegn § 5.3.1 gjeld for dei fem sætreområda. I merknaden vert det peika på at sætra som opphavelig høyrde til gardane på Ytre Åmelfot, låg ved Steinkvievatnet, der ein framleis kan sjå murane. Sætra vart flytt til vollen på Dansen rundt 1900. Sjølv om det finst enda eldre murar ved Steinkvievatnet, har framleis dei eldste bygningane på Dansen frå rundt 1900 kulturhistorisk verdi. Fem av bygningane på Dansen er SEFRAK-registrert. Beliggenheit og plassering i landskapet er karakteristisk. Etter kommunen si vurdering er Dansen ei sæter med høg verdi, og området er av historisk og kulturell interesse. Kommunen ynskjer å helde fast på Dansen som eit sætreområde med stor verdi som kulturminne og kulturlandskap. Merknad ikkje imøtekome, ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 33 Landbrukskontoret Ørsta Volda - § 2.7.2 Byggegrenser
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)

Oppsummering merknad

Merknad til føresegn § 2.7.2 om byggegrenser: Viser til at nydyrking, landbruksvegar og trelagskifte er med i punkt b. Peikar på at nydyrking ver regulert av nydyrkingsforskrifta, og at landbruksvegar og trelagskifte ver regulert gjennom forskrift om berekraftig skogbruk, skogbrukslova og Norsk PEFC skogstandard. Ber om at dette vert tatt ut.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Byggegrensa er knytt til naturmiljø, kulturmiljø og friluftsliv. Sjølv om nydyrkingsforskrifta, skogbrukslova og andre sektorlovverk tek i vare eller omhandlar kantsoner langs vassdrag på ulike måtar, er det i hovudsak i planlegging etter plan- og bygningslova ein sikrar interesseavvegningar mellom ulike samfunnsinteresser. Fylkeskommunen varsla motsegn til tidlegare formulering, og formuleringa i 2. høyringsframlegg er formulert i samråd med dei. Kommunen held fast på formuleringa. Dersom ein gjer endringar jf. merknad krev det truleg ny høyring.

Imøtekome

Ikkje avklart

Ikkje imøtekome

D 34 Møre og Romsdal fylkeskommune - §§ 2.11 og 2.12 Parkering
Dokument 19/10011-259. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3281](#)

Oppsummering merknad

Parkeringsrestriksjonar er eit effektivt verktøy for å få fleire til å velje miljøvenlege transportformer og i mindre grad køyre bil. I sentrumsområda er det størst potensiale for å få fleire til å velje sykkel, gange og kollektiv som dagleg transport, og ein må sjå på moglegheita for å stille meir restriktive krav, og at det vert sett maksverdiar. Med ein differensiering av sentrumssona bør det vere meir restriksjonar i dei midtre og ytre sentrumssonene enn det føresegna legg opp til no.

Det er bra det blir stilt krav til sykkelparkering, men det kan med fordel stillast eit strengare minimumskrav. Det er svært bra det også er stilt krav om fasilitetar til sykkel. Ein kan også vurdere å stille krav til tal på ladepunkt til elsyklar ved større sykkelparkeringsplassar, på lik linje med ladestasjonar for elbil.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Ein ser at det kan vere behov for å sjå nærare på parkeringsrestriksjonar, og at det er aktuelt å vurdere ma. maksverdiar for parkeringsplassar for bil. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2024 har områderegulering for Volda sentrum høg prioritet, der parkering både for sykkel og bil er eit aktuelt tema å sjå nærare på. Krav til sykkelparkering og tal ladepunkt til elsyklar er også signal ein tek med inn i arbeid med andre reguleringsplanar. Da dette vil jobbast vidare med i nemnte områderegulering, ynskjer ikkje kommunen å endre dette i kommunedelplanen no. Parkering bør takast opp igjen ved neste revisjon av planen. Ikkje imøtekome, ingen endring i planen. Dersom ein endrar parkeringsrestriksjonane vesentleg i kommunedelplanen krev det ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 35 Landbrukskontoret Ørsta Volda - § 3.4.1 LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)

Oppsummering merknad

Merknad til føresegn § 3.4.1 LNF. Lurer på kvar skillet mellom elv og større elv går. Viser til at mange gardstun allereie ligg innanfor oppsette avstandar til elvar/større elvar. Lurer på om desse vil ha høve til å byggje nye bygningar, eller om dei må søkje dispensasjon og stiller spørsmål om eksisterande gardstun kan vere unnateke desse avstandsreglane.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Større vassdrag definert som "vassdrag med nedslagsfelt større enn 20 km²." (§ 2.3.6). Grensene er sett på bakgrunn av NVE sin rettleiar 2/2011, og skal sikre tryggleik og naturverdiar langs vassdrag. Dette er også omtala i planomtalen i kap. 5.6 Omsynssoner, s. 49 og 50. § 2.7.4 omhandlar unntak frå byggegrenser. Andre tiltak må søkje om dispensasjon, eksisterande gardstun kan ikkje vere unnateke avstandsreglane. Ikkje imøtekome, ingen endringar i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 36 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Grunnlagsdokument
Dokument 19/10011-260. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3462](#)

Oppsummering merknad

Sidan planen var til høyring første gong, er det vedteke ny regional planstrategi 2020-2024 og ny fylkesplan for Møre og Romsdal 2021-2024. Ber om at dette vert retta opp. Også Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal kan nemnast.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Det er fylkesplanen for Møre og Romsdal 2017-2020 og Regional planstrategi 2016-2020 som var gjeldande da arbeidet med kommunedelplanen starta opp, og som ligg til grunn for planarbeidet. Dei nyaste planane inneheld t.d. nye føringar knytt til FN's berekraftsmål. Kommunedelplanen er ikkje oppdatert etter dette, og kommunen meiner difor det vert feil å vise til at oppdaterte planar ligg til til grunn - da dei ikkje gjer det i praksis. Landbruksmeldinga er teke inn. Delvis imøtekome. Endringar knytt til grunnlagsdokument krev ikkje ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

D 37 Jordvern Møre og Romsdal - Jordvern
Dokument 19/10011-249. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3131](#)

Oppsummering merknad

Meiner det er positivt at landbruksareal til utbygging er redusert, men meiner likevel at omsyn til jordvern framleis er for dårleg teke i vare. Planen bør bli meir konkret på krav knytt til fortetting og alternativ/ny bruk av eksisterande utbygde areal. Saknar at ein plan for landbruket ligg til grunn for kommunedelplanen. Meiner det ikkje er gjort greie for kva konsekvensar planforslaget får for jordvern og moglegheiter for matproduksjon.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Ved å sette av areal til sentrumsformål i indre sentrumssone, og å legge til rette for høg arealutnytting i føresegn og retningsliner er det er lagt stor vekt på å legge til rette for fortetting og transformasjon i Volda sentrum. Dette vil bidra til samlokalisering av fleire funksjonar, og at fleire kan bu i gang- og sykkelavstand til arbeidsplassar, skular, barnehagar og andre tenester. Dette er og eit viktig grep for å unngå å ta i bruk jordbruksareal. Fagrapporten "[Kjerneområde landbruk](#)" (2018) ligg som kunnskapsgrunnlag for planen. Rapporten peikar på spesielt viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. Rapporten er nytta aktivt i ma. konsekvensutgreiinga. I desse områda er det prioritert å ivareta landbruksinteressene. Tabellane i kap. 5 i planomtalen synleggjer kvar det er omdisponert dyrka jord og kva som ligg innanfor kjerneområde landbruk. Kap. 6 i planomtalen "Verknader av planen" synleggjer også konsekvensar for landbruk og jordressursar. Ingen endring i planen.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E Forslag til endra arealbruk som ikkje skal vurderast vidare i ROS og KU

E 1 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Løvik - B102 - Frå LNF til bustadbebyggelse Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Figur 2. høyringsframlegg. Innspel markert med lilla/turkis.

Oppsummering merknad

Merknad knytt til eksisterande bustadområde på Løvik. Viser til at det er interesse for bustadbygging i området, som har vore i konflikt med landbruk. Store delar av Løvikneset er av mindre verdi for landbruk, i motsetning til areala vest for fylkesvegen. B102 kan frå landbrukshald utvidast mot nord og aust.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Det kan vere fornuftig å vurdere om B102 kan utvidast. Det kan vere utfordringar knytt til verknader for landskap og andre utgreiingstema. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for området. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing, og ev. endring av arealformålet krev ny høyring. Viss kommunedelplanen skal ut på ein 3. høyringsrunde er det aktuelt å gjennomføre ROS/KU for området, og vurdere å endre arealformål.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 2 Volda Venstre og Volda SV - B16 - "Støyperiet i Elvadalen" - Gbnr. 19/564 - Frå bustad til kombinert bebyggelse og anlegg (BKB) Dokument 19/10011-262. Lenke til merknad: [DokumentID 21/3653](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Det gamle «Støyperiet» i Elvadalen: Bygget har ein kulturhistorisk verdi og arkitektonisk potensiale. Nær avstand til sentrum og tilknytting til turvegen. Ynskjer at ein istaden for boligbygging vurderar andre bruksområder (Cafe, restaurant, galleri, utstilling, kunsthandverk, mm). Ynskjer å endre frå bustad til BKB, kombinerte formål.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Kommunen er i utgangspunktet positiv til utvikling i området med den type aktivitet som er skissert i merknaden. Støyperiet ligg i sone med særleg omsyn til bygningsmiljø i Elvadalen, og det er ikkje tillate å rive bygningar. Møre og Romsdal fylkeskommune har også nyleg varsla at dei sterkt råder til at Støyperiet vert bevart. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing, og ev. endring av arealformålet krev ny høyring. Viss kommunedelplanen skal ut på ein 3. høyringsrunde er det aktuelt å gjennomføre KU, og vurdere å endre arealformål. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2024 har områderegulering for Volda sentrum høg prioritet. Viss ikkje kommunedelplanen skal ut på ein 3. høyringsrunde, kan arealet vurderast på nytt i områderegulering for Volda sentrum.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 3 Landbrukskontoret i Ørsta Volda - Nøre-Kalvatn - BFT4 - Frå fritids- og turistformål til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Utsnitt 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Område avsett til fritids- og turistformål på Nøre-Kalvatn. Viser til at mykje dyrka mark vert lagt ut til turisme. Bør flyttast til andre areal i nærleiken, td. til beitemark. Foreslår å vri området mot søraust for å spare store areal.

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er vidareført frå gjeldande plan. Har teke inn føresegn om at omsyn til landbruk og dyrka mark skal vurderast særskilt i reguleringsplan. Mindre endringar kan vurderast i reguleringsplan (§ 3.1.8 Fritids- og turistformål (BFT)). Endringa er etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring av føresegnene, og krev ikkje ny høyring. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.


Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

Næringsbebyggelse (BN)

E 4 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Søre Bjørkedalen - BN2 - Frå næringsbebyggelse til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Figur 2. høyringsframlegg.

Oppsummering merknad

Søre Bjørkedalen: Delar av feltet er lagt på dyrka mark. Meiner det er mogleg å finne alternativt areal. Oppmodar om at ein tek ut den delen som er dyrka mark og tek inn skogsareal i staden.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området er ei vidareføring frå gjeldande plan. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endeleg avgrensing og mindre endringar kan vurderast i reguleringsplan. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 5 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Søre Bjørkedalen - BN3 - Frå næringsbebyggelse til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Søre Bjørkedalen: Delar av feltet er lagt på dyrka mark. Meiner det er mogleg å finne alternativt areal. Oppmodar om at ein tek ut den delen som er dyrka mark og tek inn skogsareal i staden.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området er ei vidareføring frå gjeldande plan. Endeleg avgrensing og mindre endringar kan vurderast i reguleringplan. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 6 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Søre Bjørkedalen - BN10 - Frå næringsbebyggelse til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Søre Bjørkedalen: Delar av feltet er lagt på dyrka mark. Meiner det er mogleg å finne alternativt areal. Oppmodar om at ein tek ut den delen som er dyrka mark og tek inn skogsareal i staden.

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området er ei vidareføring frå gjeldande plan. Endeleg avgrensing og mindre endringar kan vurderast i reguleringplan. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 7 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Høydal - BN12 - Frå næringsbebyggelse til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Høydal. Lagt på dyrka jord. Området er lite, men flatt og difor lettdrive. Mogleg å flytte?

Kommunen sin kommentar og konklusjon


Området er ei vidareføring frå gjeldande plan. Areala har vore diskutert i formannskapet, som har signalisert at ein i hovudsak ynskjer at eksisterande areal til næring vert vidareført. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome

E 8 Landbrukskontoret Ørsta Volda - Høydal - BN43 - Frå næringsbebyggelse til LNF
Dokument 19/10011-242. Lenke til merknad: [DokumentID 21/2962](#)



Oppsummering merknad

Høydal. Lagt på dyrka jord. Området er lite, men flatt og difor lettdrive. Mogleg å flytte?

Kommunen sin kommentar og konklusjon

Området er ei vidareføring frå gjeldande plan. Areala har vore diskutert i formannskapet, som har signalisert at ein i hovudsak ynskjer at eksisterande areal til næring vert vidareført. Det er ikkje gjennomført ROS/KU for alternativt areal. Endring av arealformål krev ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing. Dersom arealformålet skal endrast, må planen ut på ny høyring.

Imøtekome

Delvis imøtekome

Ikkje imøtekome